



# SOMMARTREFF

3.–5. JUNI THON HOTELL FOSNAVÅG

## «KOMME DITT RIKE»

### FREDAG

19.00

KONSERT

v/Sveinung Hølmebakk  
Elkana, Anne Marthe  
Lillebø. Appell ved  
Anne Nyvoll Furnes

### SØNDAG

11.00

FAMILIESAMLING

Taler: Anne Furnes  
Song av Elkana og  
Anne Marthe Lillebø

### LAURDAG

**10-10.30**

Morgonsamling – bønn

**11.00**

Årsmøteforhandlinger

**19.00**

**FESTMØTE**

**Taler:**

Generalsekretær  
Erik Furnes  
Song av Elkana



Erik og Anne Furnes.



Sveinung Hølmebakk

VELKOMEN  
TIL ÅRETS  
SOMMARTREFF!

# Leiar

## Sysken, gled dykk!



Velkommen til årsmøte 2016 for Sunnmøre indremisjon. I år gler vi oss til å kunne samlast i Fosnavåg. Vi har eit spennande opplegg på ein spennande plass, og som vil kunne passe alle. Vi satsar på eit familievenleg årsmøte med opplegg og aktivitetar også for borna. Så håpar vi på mange utsendingar frå alle våre bedehus. Vi treng å vise at vi står saman ved å møte opp og inspirere kvarandre. Ingen er for gamal og ingen for ung. Styret ser fram til å kunne presentere årsmeldinga og rekneskap for 2015 og samtale om dei utfordringane som ligg framfor oss. Vi vil også søkje råd for vegen vidare i fellesskapen vår Sunnmøre Indremisjon.

*"Utan rådgjeving mislukkast planane, når mange gjev råd, skal dei lukkast. Glad blir den som kan gje svar. Kor godt med eit ord i rette tid!" Ordtøka 15;22-23.*

Vi ser også fram til å kome saman om Guds ord og mykje god song og musikk..

*"Til slutt, sysken, gled dykk! Ta imot både rettleiing og oppmuntring! Ha eitt og same sinnelag, hald fred med kvarandre, så skal kjærleikens og fredens Gud vera med dykk." 2 Kor 13;11.*

**Vel møtt til årsmøtehelg på Borg!!**  
*Helsing Hallvard Emblemsvåg, formann*

**Thon  
Hotell  
Fosnavåg**

**Laurdag 4.juni**  
UNDER SOMMARTREFFET TIL SUNNMØRE INDREMISJON

PROGRAM		INFO
<b>Kl.10.30</b>	<b>Registrering</b>	<b>PRIS:</b>
<b>Kl.11.00</b>	<b>Barnas dag</b>	<b>Barnas Dag:</b>
	Andakt Song	<b>kr.100</b>
	Leik Aktivitetar	<b>Søskenrabatt:</b>
<b>Kl.13.30</b>	<b>Måltid</b>	Eit barn full pris, resten halv pris.
	Saman med dei vaksne	<b>Maks kr. 200 pr fam</b>
	<b>Barnas dag fortset</b>	<b>PÅMELDING:</b>
	Med leik og aktivitetar	Meld gjerne frå på førehand, men alle er velkomne !
<b>Kl.17.30</b>	<b>Takk for no</b>	
	<b>Måltid</b>	

**imfung-sunnmore.no**

## Velkomen til årets Sommartreff!



Vi gleder oss til å møte den enkelte på årets sommartreff! Dette har blitt storsamlinga for heile «bevegelsen» Sunnmøre Indremisjon. I det daglige vil vårt hovudfokus naturleg være retta mot det som er vår hovudoppgåve. Gjennom sommartreffet får vi inn-syn i og blir ein del av det store mangfald som utgjør arbeidet i vår krins.

Årsmøteforhandlingane er ein viktig samling der vi har fokus på og drøftar arbeidet vårt. I vår gjeldande strategiplan er visjonen: «Vinne, utruste og sende». Vi ynskjer vera ein bevegelse som både lever menneske og Ordet nær. Vi vil og i år sette av rikeleg med tid til å snakke om arbeidet vårt. Dele både det som gler oss i arbeidet og det som er dei store utfordringar.

I samarbeid med Thon Hotel Fosnavåg og lokalpersonar på Søre Sunnmøre har vi lagt til rette for det praktiske. Alle møta vil bli i den flotte konsertsalen knyta til hotellet. Nytt av året er at vi i år startar opp fredag kveld med ein flott konsert. Det er og lagt til rette for at folk kan

bu på hotellet gjennom heile helga. Dette håpar vi mange nyttar seg av! Tida mellom dei forskjellige møter kan med fordel nyttast til å bygge gode relasjonar og utveksle erfaringar i frå sine bedehus.

Sommartreffet skal ha ein tydelig familieprofil fordi indremisjon er for alle! Parallelt med årsmøte vil vi og ha barnas dag på laurdagen. Der vil det bli både andakt, leik og aktivitetar. Vi er glade for vi dette året har fått med oss «sunn-møringane» Anne og Erik Furnes som talarar. Dei skulle vera så godt kjente for misjonsfolket at nærmare presentasjon trengs ikkje...

Det blir og flott å ha med songaren Sveinung Hølmebakk på fredag kveld. Han er ein person som vi kjenner som ein av tre i «Nordic tenors». Åleine har han ein kombinasjon av skjemt og alvor som gleder alle. I tillegg er vi så heldige å ha fått med oss det dyktige koret «Elkana» frå Godøy og Anne Marthe Lillebø til å synge gjennom helga. Vær med å be for samlingane, at Herren får møte oss gjennom sitt ord og ved sin Ande.

*Varmt velkomen frå bygd og by!*  
*Johan Halsne, krinsleiar*

# Sakliste

1. Konstituering:
  - A. Val av møteleiar
  - B. Val av to personar til å føre møtebok
  - C. Val av to personar til å skrive under møtebok
  - D. Val av referentar
  - E. Tale- og stemmerett
2. Årsmelding for 2015
3. Rekneskapan for 2015
4. Val av
  - A. 3 styremedlemer
  - B. 4 varamedlemer
  - C. Valnemnd for neste år
5. Revisor for krins og avdelingar
6. Årsmøtegåva
7. Samtale om arbeidet
8. Stad for årsmøtet i 2017

## Til sak 4a, val av 3 styremedlemer

### Fylgjande går ut av styret:

Oddbjørn Brunstad (Sykkylven) kan attveljast – tek attval  
Hallvard Emblemsvåg (Emblem) kan attveljast – tek attval  
Håvard Nybø (Sjøholt) kan attveljast – tek ikkje attval

### Nye kandidatar:

Oddbjørn Brunstad (Sykkylven) kan attveljast – tek attval  
Hallvard Emblemsvåg (Emblem) kan attveljast – tek attval  
Daniel Haugland (Ålesund)

### Frå før sit desse i styret:

Leif Steinar Alnes (Godøy)  
Solfrid Ulstein Riise (Volda)  
Olav Martin Synnes (Vigra)  
Ole Bjørn Vik (Skodje)

### Forslag frå valnemnda på nye styremedlemer:

Oddbjørn Brunstad (Sykkylven)  
Halvard Emblemsvåg (Emblem)  
Daniel Haugland (Ålesund)

## Til sak 4b, val av 4 varamedlemer til styret

### Forslag frå valnemnda:

Hans Magne Muren (Blindheim)  
Reidar Halvard Muren (Gjersvika)  
Kåre Magne Remmen (Godøy)  
Jan Ivar Stokset (Valderøya)

# Styrekandidatar



### Brunstad, Oddbjørn (Sykkylven)

54 år, gift, dagleg leiar i fleire kraftverk. Tidlegare songevangelist i Indremisjonsforbundet, fritidspredikant og styremedlem i Sunnmøre lm. Leiar for Velledalen Indremisjon og Sykkylven bedehusforsamling. Medlem i kretsstyret siste 4 åra.



### Emblemsvåg, Hallvard (Emblem)

66 år, gift. Fysioterapeut, leiar i Emblem indremisjon. Har vore leiar i styret til Sunnmøre Indremisjon siste 2 år.



### Haugland, Daniel (Ålesund)

32 år, gift med Helene, 2 barn. Utdannet førskolelærer. Tidligere aktiv i barne- og ungdomsarbeid i ImFUng Sunnmøre, leiararbeid. Aktiv medlem av NLM Nordvest, Misjonssalen Ålesund.

# Varamedlemer



### Muren, Hans Magne (Blindheim)

62år, gift med Berit, 3 voksne barn. Jobber som seksjonsleder i Mørenett. Aktiv i Blindheim og Hatlehol Indremisjon, har vore 3.vara i styret til SIM.



### Muren, Reidar Halvard (Gjersvika)

32 år. Sjømann. Bor i Gjersvika. Har tidlegare vore ei periode i styret for Møre barne- og ungdomsskule Herøy.



### Remmen, Kåre Magne (Godøy)

47 år. Jobber som matros i Olympic Offshore. Styremedlem Godøy indremisjon i 9 år. 2.vara i styret til SIM siste år.



### Stokset, Jan Ivar (Valderøya)

59 år, gift og har 3 barn. Finansiell rådgiver i bank. Synger i Valderøykvartetten, har tidligere sittet i styret for Sunnmøre Indremisjon og Brusdalsheimen, har vore 1.vara til styret i SIM siste år.

# Sunnmøre Indremisjon

*Sunnmøre Indremisjon er ein fri lekmannsorganisasjon tilslutta Indremisjonsforbundet, og vårt motto er «Med Guds Ord til folket».*

**Vi har kome til den 134. årsmeldinga for Sunnmøre Indremisjon, og styret vil med dette legge fram eit samandrag for verksemda i 2015.**

## Heimlov

Også denne årsmeldinga vil vi starte med å minnst dei misjonsvenene som gjekk heim til Herren i året som ligg bak. Sjølv om vi ikkje finn det rett ta fram einskildpersonar vil vi likevel streke under at vi er takksame for den truskap og støtte desse har vore i misjonsarbeidet. Den kristne vona gir håp i møte med døden, apostelen Peter seier det slik i *1.Pet. 1,3: «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.»*

Vi lyser fred over den einskilde sitt minne.

## Åndssituasjonen

### Kyrkje i ny retning

Vi kjenner på ei felles smerte over den kyrkjelege situasjonen. Den norske kyrkja kjem til å innføre nye liturgiar til bruk ved vigsel av likekjønna par, og kyrkja sitt fremste åndelege leiarskap er samde om at dette ikkje er av splittande karakter. Det siste er ei relativt ny innsikt for dei av biskopane som har stått for ei klassisk lære om ekteskapet. Også den motsette sida, sa så seint som i 1997, at innføring av likekjønna ekteskap ville vere «kirkesplittende» vranglære. I denne situasjonen må vi gi signal som gir nytt frimod til ei teneste i Guds rike, og som legg ein heil Bibel til grunn for forkynning, formaning, undervisning og sjelesorg. Indremisjonen har ved ulike høve sendt ut vurderingar og råd om korleis ein bør/kan forhalde seg i kyrkjesituasjonen. Viser til ImF sine vurderingar i «Råd frå ImF i kirkesituasjonen anno 2015/16» og gir vår støtte til den. Med det alvor vi opplever i dagens situasjon, og med den store naud dette medfører for mange, vil vi også gi nokre råd.

### 1. Bibeltillit

Trua på Gud kan ikkje lausrivast frå Bibelen der Han har openberra seg og viljen sin. Dersom vi set oss som Herre over Skrifta, i staden for at den er Herre over oss, blir vi forført av løgna.

### 2. Bygg den kristne forsamling på bedehuset

Dette har også vore eit råd tidlegare, og nokre bedehus på Sunnmøre har kome eit godt stykke på veg i dette arbeidet. Vi vil på det sterkaste oppmode **alle** til å la forsamlingstanken bli framtida for arbeidet rundt i dei mange bedehusa på Sunnmøre.

**3. Medlemskap i Dnk.** I spørsmålet om medlemskap må den enkelte gjere eit val ut frå sitt eige samvit –bunden til Guds ord- som er å leve med. For dei som melder seg ut, vil vi rå til at dei melder seg inn i ImF's trussamfunn, som er eit godt, seriøst og truverdig alternativ.

### Diakoni:

I andre halvdel av 2015 kom der ei stor mengd flyktningar til landet vårt. Dei fleste kom frå eit krigsherja Syria. I det høvet har det pågått, og pågår, ein heftig debatt i media. Også

menneske, som er aktive på bedehuset, engasjerer seg i denne debatten. I det høve kjem spørsmålet om det fins ein måte å debattere/ handle på som er meir kristeleg enn andre? Når det gjeld synet på kor mange flyktningar Norge skal ta imot, kan ein vanskeleg argumentere at eitt bestemt tal er rettare enn eit anna. I forsamlingane våre, vil folk ha ulik politisk tilhøyring, og derfor vil dei tenke ulikt om måtar å hjelpe flyktningar på. Den eine måten treng ikkje vere meir rett enn den andre. I møte med flyktningar som er komne inn i landet vårt, vil vi så sterkt som vi kan, mane til opne sinn og opne dører. Dette bør gjelde både forsamlingane våre og heimane våre om mogeleg. Her kan vi både i ord og handling vise eit Jesu sinnelag.

### Korsnekt:

I forbindelse med flyktningstraumen i andre halvdel av 2015 fekk ein del leirplassar spørsmål om bruk av desse som mellombelse flyktningmottak. I det høvet var kravet frå UDI at synlege kors måtte fjernast frå bygningar og rom. Heldigvis vart dette kravet etter kvart teke bort. Vi meiner at i møte med andre religionar og trusretningar skal vi syne respekt utan å gjera oss sjølvne usynlege. Det skjer ikkje gjennom å fjerne den kristne kulturarven vår, men vi må heller løfte fram «ordet om korset» til alle menneske.

### Fokus på vårt eige liv og arbeid.

*Sunnmøre Indremisjon er ein krins med arbeid på mange område. Arbeidet spenner heilt frå barnehage til livets slutt gjennom begravelserbyrå.* Vi er ein forkynnarorganisasjon. Det er identiteten vår, og der har vi djupe røter og forankring. Det er ved å høyre, lese og studere Ordet, åleine eller i små grupper at menneske blir frelst! Samfunnsendingane utfordrar oss på dette i dag. Guds ord får mindre og mindre plass i det offentlege rom. Derfor må vi oppmode sterkt til trusformidling i heimen, og eit godt barne- og ungdomsarbeid på bedehusa. Sunnmøre Indremisjon vil sterkt oppmode til oppstart av barne- og ungdomslag der slike ikkje finst i dag. Det arbeidet som skjer på bedehusa våre og i forsamlingane våre er alt med på å nå målet i visjonen vår: «*Vinne, utruste og sende*» Arbeidsformene kan vere *ulike, men målet er det same. Det er flott å få tilbakemelding om møteseriar* som blir forlenga, og at folk blir fornya.

### «Ytre bydel»

I 2015 blei det tilsett ein person i 50% stilling som prosjektleiari i «ytre bydel Ålesund». Dette var eit forsøk på å skape eit team og eit husfelleskap. Av ulike årsaker blei ikkje utviklinga slik vi hadde bedt om og ønska. Her er det nok nødvendig å gjere fleire vurderingar før ein går vidare i dette arbeidet.

### Sunnmørskirka:

På eit ekstraordinært årsmøte 29.april 2015 blei Sunnmørskirka «i sin noverande driftsform» nedlagd. Vi vil takke alle som opp gjennom åra har lagt ned eit stort arbeid med dette. Utan tvil har Sunnmørskirka vore fødselshjelp og modell for nye forsamlingar knytt til Sunnmøre Indremisjon sitt arbeid.

### Skule og barnehage

Skularbeidet er i vekst. I 2015 blei enda ein skule starta opp i Sunnmøre Indremisjon sin regi, denne gongen var det Møre barne- og ungdomsskule Skodje, ved oppstart var der 40 elevar. Skulen er lokalisert i leigde lokale i Brusdalen skule, i

# Årsmelding 2015

tillegg til eksisterande bygg, er der og sett opp brakker. Fleire lokale eldsjeler gjorde ein formidabel innsats i forkant av skulestart. På Møre barne- og ungdomsskule Herøy vert det no bygd eit flott og tenleg administrasjonsbygg. Der er og ei nemnd som arbeider vidare med planar for utviding av Møre ungdomsskule Ålesund. Ingeniørfirmaet Moldskred A/S har arbeidd vidare med teikningar for nybygg på Dagry barnehage på Valderøy. Skule- og barnehagedrift har vore ein svært viktig del av drifta til Sunnmøre Indremisjon. I tråd med strategiplanen satsar vi på dette feltet. Det gir oss eit unikt høve til kvar dag å gje kristen opplæring til den oppvekssande generasjon.

## Leirstadane

Dei to ulike leirstadane våre Brusdalsheimen og Orreneset Misjonssenter er viktige stasjonar som fyller kvar sine oppgåver, det siste året har begge fornya seg. Styret har satt ned ei nemnd som skal vurdere leirstadane og leirarbeidet, saka blir lagt fram på årsmøtet i 2017.

## Inspirasjonssamlingar:

Etter at Sunnmørskirka vart nedlagd, er det krinsstyret som saman med administrasjonen har hatt ansvaret for gjennomføring av tre årlege samlingar. Dette klarer vi ikkje utan hjelp frå lokalforeiningane i området. Folk har slutta opp om samlingane, og tilbakemeldingane på program og innhald har vore gode.

## Verksemda

Igjen vil vi få uttrykke ein stor og varm takk til alle som tek ut i forkynnaroppdrag på si fritid. Det er ein stor rikdom. Vi vil be kristne brøyr og søstres om å vere frimodige i å dele vitnemålet i forsamlinga. Må vi få åndeleg syn til å sjå dei som har nådegåve til å forkynne, og oppmuntre dei. Lat ikkje Jantelova halde forkynnarane nede, men la dei blomstre! Sjølv om dei fleste spørsmål om forkynnarhjelp kjem via krinskontoret, er det framleis slik at ein del foreiningar tek direkte kontakt med forkynnarane, og det avlastar administrasjonen ein del. Samstundes gjer dette at vi ikkje har full oversikt over all verksemd som er på dei lokale bedehus. Med det atterhaldet legg vi fram denne oversikta:

## Følgjande forkynnarar har vore i verksemd i 2015 i regi av Sunnmøre Indremisjon:

Karl Arne Austnes, Linda Austnes, Peder Almedal, Are Bakke, Jarle Berland, Kai Even Bjørdal, Oddrun Bjørdal, Oddbjørn Brunstad, Helge Dimmen, Paul Eikrem, Reidar Fiske, Arve Fiskerstrand, Kjell Furnes, Odd Giske, Kjell og Eldrid Gjelsten, Hilde Gjengedal, Aud Halsne, Johan Halsne, Alice Kristin Holmen, Gunnar Kjøde, Eivind Landro, Randi Fagerhol Lauvås, Gudrun Longva, Oddveig Molnes, Jostein Mulelid, Lars Erik Nesseth, Odd Asbjørn Nybø, Kristian Pilskog, Kåre Magne Remmen, Solfrid Ulstein Riise, Ingrid Kvam Steinshamn, Odd Christian Stenerud, Anbjørg Sævareid, Kåre Sævareid, Per Sævik, Ståle Tønnesen, Robert Uggedal, Harry Valderhaug, Haldis Bjerkvik Volle, Anbjørn Walderhaug, Arvid Ødegård.

## Leir:

Odd Asbjørn Nybø, Linn Sirevåg, Arild Nedregotten, Ingrid Kvam Steinshamn, Oddrun Bjørdal, Berit Nyvoll, Eivind Landro, Randi Fagerhol Lauvås, Nils Einar Berget, Solfrid Ulstein Riise



## Frå Indremisjonsforbundet:

Irene Krokeide Alnes, Otto Dyrkolbotn, Roald Evensen, Erik Furnes, Ruben Lie Monsen, ImF-Ung teamet, Tor Ingvald Lauvrak, Leif Nesheim, Linn Jeanett Sirevåg, Arne Pareli Pedersen, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Torgeir Skrunes, Marit Stokken, Ingbjørn Vingen.

## Andre som har vore med på møter:

Svein Granerud, Johannes Kleppa, Sølvi Helen Hopland Aemmer, Grethe Yksnøy Martinsen, Hartvig Kloster, Vebjørn Selbekk, Helge Åkernes Styret vil takke kvar einskild for vel utført teneste. Krinsleiar har bede om tilbakemeldingar på forkynninga frå foreiningane, og likeeins frå forkynnarane om korleis dei opplever det å vitje dei ulike bedehusa. Tilbakemeldingane kunne vore fleire, og nokre er uformelle, men dei er til stor hjelp for å kunne utøve eit åndeleg leiar-skap.

## Tilsette og arbeidarar i administrasjonen

I januar blei Johan Halsne tilsett som krinsleiar etter Karl Arne Austnes, og Harry Valderhaug økonomi- og administrasjonsleiar. Etter kommunevalet i september blei Harry ordfører i Giske Kommune og søkte dermed permisjon frå jobben. Janne Støbbakk er kontorfullmektig i 80 % stilling.

## Endre i styresamansetninga:

På årsmøtet på Borg 6.juni stod desse på val: Solfrid Ulstein Riise, kunne attveljast, tok attval. Olav Martin Synnes, kunne attveljast, tok attval. Ole Bjørn Vik, kunne attveljast, tok attval. Runa Welle, kunne ikkje attveljast. Dei som vart valde var: Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik), Olav Martin Synnes (Vigra), Ole Bjørn Vik (Skodje), Leif Steinar Alnes (Alnes) Som 1.vara vart Jan Ivar Stokset (Valderøy) og 2.vara Kåre Magne Remmen (Godøy) og 3.vara Hans Magne Muren (Blindheim) Etter konstituering vart Hallvar Emblemsvåg leiar og Olav Martin Synnes nestleiar.

## Mannshelg på Brudalsheimen

16.-17.januar vart den 44.mannshelga avvikla på Brusdalsheimen. Helga var eit samarbeid med Normisjon. Svein Granerud var talar. Valderøykvartetten og Robert Tjomlid deltok med song.

## Kvinnemøta Helga

10.-12.april vart det arrangert kvinnehelg på Orreneset. Tema for helga var «Bevar ditt hjarte framfor alt du bevarer for livet år ut frå det.» Talar var Irene Krokeide Alnes, og

# Sunnmøre Indremisjon



Sølvi Helen Hopland Aemmer deltok med song. På Brudalsheimen var det inspirasjonsdager for kvinner 16.-17.oktober. Barne- og familiekonsulent i NLM Grethe Yksnøy Martinsen talte over temaet «Jesus og eg».

## 60 pluss på Brusdalsheimen

Samlingar som er populære. Roald Evensen deltok som talar, Jostein Mulelid som leirsjef og Kari og Olav Mulelid deltok med song. Takk til komiteen som står for desse samlingane.

## Sommartreff/årsmøte

6.-7.juni arrangerte vi sommartreff på Borgund Folkehøgskole. Vi har dei siste 4 åra prøvd å gi denne helga ein større familieprofil. Hartvig Kloster deltok på barnas årsmøte og talte på storsamling på søndagen. Krinsleiar Johan Halsne talte på laurdag. Synnøve Aanensen m/band hadde konsert og deltok under heile årsmøtet.

## Orrenesstemne

Anbjørn Walderhaug og Eivind Landro talte på stemnet som var 9. august. Gro Hofseide, Oddveig Molnes og Anbjørn Walderhaug deltok med song.

## Bedehusets julekalender

Gjennom 7 kveldene i desember månad hadde SIM samlingar som har fått namnet: «Bedehusets julekalender». Det er krinsleiar i Sunnmøre Indremisjon som har regien på dette. Innhaldet gjennom ein kveld med bedehusets julekalender er «kveldens gjest» ein person som har hatt ein spesiell jobb eller oppleving i livet som er verdt å dele med andre, songkrefter var med på kvart møte. Det var god oppslutning om desse kveldane.

## Heimemisjon

Heimemisjon kom ut med 8.nummer i sitt 98 år. Samarbeidet med Sambåndet held fram.

## Arbeiderfesten

Festen vart halden på Brusdalsheimen 11.januar. Aud Karin Kjølvik Ringvoll var med som talar. Mange av våre tilsette og frivillige arbeidarar ser fram til denne festen og den er med å gi samhold og inspirasjon. Selskapa våre Begravelsesbyrået Sunnmøre AS og Si-REISER AS deler på å dekkje kostnadane til festen.

## Båtlotteriet

Dette året vart det avvikla felles båtlotteri for leirstadane våre, som gav 200 000,- til kvar leirplass.

## Ålesund bedehus

Gjennomført utbetring av lekkasje på taket, samtidig som vi og fekk internkontroll for elektriske installasjon. Kostnaden på taket kom på ca. 200 000,-. Krinsen har i liten grad brukt bedehuset til eigen samlingar. Ålesund indremisjon har sine møter og samlingar der. Kjøkkenservice og UIO leiger fortsatt huset, og UIO har studentar buande i huset.

## Avdelingar/selskap i Sunnmøre Indremisjon

Vi har som vanleg lagt ved eiga årsmelding for alle våre avdelingar.

## Fermate Sunnmøre

Iris V. Clausen, 40% stilling og Anne Line D. Jerstad, 20% stilling. Senteret kom i ordinær drift i januar 2012 og tilbyr kurs og sjelesorg. I 2015 hadde Fermate 329 samtaletimer.

# Årsmelding 2015



## Økonomien

Årsresultatet for 2015 var 480 752,53. Vi er takksame for dette resultatet, men gjer oppmerksom på at testamentarisk gåve, og sal av Hovdebygda bedehus bidrog til dette resultatet. Takk til alle trufaste gjevarar som er med å halde misjonsarbeidet oppe!

## Styremøte

Styret har i 2015 vore samla 8 gongar og handsama 64 saker. Utanom dette har generalforsamling for Si-REISER AS og Begravelsesbyrået Sunnmøre AS vore avvikla. Krinsleiar, administrasjonsleiar og leiar for ImFUng Sunnmøre er med i møta frå administrasjonen. Det er godt samarbeid og åndelig samhald i krinsstyret. Å sitje i krinsstyret er både gjevande og eit stort ansvar. Vi takkar enno ein gong misjonsfolket for tillit, og ber framleis om forbøn for vår teneste.

## Takk

Styret vil takke alle som på ulikt vis står med oss i arbeidet for Sunnmøre Indremisjon. Herren ser deg og veit om deg, og vil løne deg for truskap mot kallet.

Takk til alle medarbeidarar som har vore ute med Ordet gjennom vitnemål og song. Takk til medarbeidarane på skulane, barnehagen, leirstadane våre, Brukt og Nyttig, Radio Sunnmøre og aksjeselskapa våre. Takk til Indremisjonsforbundet for godt samarbeid i året som gjekk. Arbeidet vårt må ikkje vere prega av svartsyn og klagesong, men av erobringssyn. Herren vil at vi skal vinne nye menneske for Han, noko den nye visjonen vår strekar under: «Vi vinne, utruste og sende menneske med evangeliet!»

**2. Kor. 5,11: «Fordi vi veit kva det er å ha ærefrykt for Herren, prøver vi å vinna menneske.»**

## Styret i Sunnmøre Indremisjon

Hallvard Emblemsvåg (leiar)  
Olav Martin Synnes (nestleiar)  
Solfrid Ulstein Riise  
Ole Bjørn Vik  
Oddbjørn Brunstad  
Håvard Sæverud Nybø  
Leif Steinar Alnes  
Jan Ivar Stokset (1.vara)

## BRUKT OG NYTTIG VALDERØYA

Tirsdag kl.11.00 -16.00

Torsdag kl.11.00 -16.00

Laurdag kl.11.00 -15.00

*Velkommen innom !*

Pene ting blir stadig lagt fram for salg!



# Årsmelding for ImF-UNG Sunnmøre for 2015

«ImF-UNG Sunnmøre» er barne- og ungdomsarbeidet i Sunnmøre Indremisjon.

## ARBEIDSSTABEN

Det har også dette året vore endringar i arbeidsstaben til UNG-avdelinga. Fylgjande personar har hatt arbeid i ImF-UNG Sunnmøre i 2015: Ingrid Steinshamn; leiar vårhalvåret, innvilga 1 års permisjon frå mai Alice Kristin Holmen; Prosjekt ytre bydel, 50 % stilling vår og 40 % haust. ImF Ung 20 % stilling vår og 60 % som laiar hausthalvåret. Eivind Landro; Ungdoms- og undervisningskonsulent 80 % vår og 40 % haust. Prosjekt ytre bydel 20 % vår og 10 % haust. Eirin Algrøy Nybø, kontormedarbeidar 50 % stilling Halldis Volle, lagskonsulent 20 % stilling Det har vore arbeidd med å finne vikarierende leiar med muligheit for fast stilling. Like før nyttår kom det ei avklaring på dette, og det er vi svært takksame for.

## LEIRARBEIDET

I 2015 var eit leirår med mange avlyste leirar. Det vart gjennomført 8 færre leirar i 2015 enn året før, alle desse var planlagde men avlyste leirar. Dette er ei stor endring for leirarbeidet vårt. Grunn til avlyste leirar har både vore få påmeldte og vanskar med å få nok leiarar til leirane. Med bakgrunn i dette har det vorte gjort endringar for antal leirar for 2016, dette i samråd med kretsstyret og i samtale med leirstadane.

Vi er svært takknemlige for høvet til å drive leir, for det er eit svært viktig arbeid, og vi har fått gode tilbakemeldingar frå foreldre, born og leirarar. Sjølv om vi skjeldan veit korleis den enkelte deltakaren responderer på det som vert forkynt så veit vi at Guds ord blir sådd, og det i ei tid der mange ikkje får

høyre om Jesus utanom når dei er på leir. Vi opplever at det er endå viktigare enn før å vere tydelege og frimodige i å forkyne sanninga om menneske og Gud, for mange som kjem på leir veit svært lite om innhaldet i Bibelen frå før.

## LAGSARBEIDET

LAG	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Barnekor	11	8	8	7	8	8	8	10
Barnelag	7	6	6	4	1	1	1	0
Juni or Vinging	4	4	5	5	4	4	4	4
Vinging	11	9	8	7	6	6	7	7
Yngstes	7	7	6	5	4	4	4	4
Yngres	8	8	9	9	6	6	6	5
Innspuls	3	3	3	2	2	2	2	3
Skulelag	1	1	1	1	1	1	1	1
Ungdomskor	7	7	7	7	5	5	4	2
Ungdomsklubbar / Y-ungdom	13	12	12	11	9	9	10	9
IUF/ungdomsgruppe	8	8	8	8	6	7	7	5
<b>SUM</b>	<b>80</b>	<b>73</b>	<b>73</b>	<b>66</b>	<b>52</b>	<b>53</b>	<b>54</b>	<b>49</b>

I 2014 hadde vi 30 barnelag og 19 ungdomslag i ImF-UNG Sunnmøre.. Det er nokre som legg ned og så er det nokre som startar opp nye lag eller eksisterande som melder seg inn hjå oss. ImF-Ung har i sin strategi ein mål om å starte mange fleire lag. Dersom du veit om nokon som tenkjer å starte opp eit nytt lag så ønskjer vi i ImF Ung Sunnmøre å hjelpe til så godt vi kan med det! Lagsarbeidet er eit svært viktig arbeid der ein har moglegheit til å bli kjend med borna og ungdomane og ein kan komma

tettare innpå enn ein gjer på leir. Ein får ein nærare relasjon til dei i laget. Dette er eit svært viktig arbeid, og dersom det er noko vi i Ung Misjon kan gjere for ditt lag så vil vi svært gjerne vite det!

## BARNE-GOSPELFESTIVAL

I 2015 var ca 60 born og ca 15 leiarar samla på Brusdalsheimen til Barnegospelfestival. Born og leiarar frå Tusenfryd, Godøy barnekor, Stordal barnekor, Singlt og Singlt2U. Årets instruktør var familien Fjalsett, der Mathias, Pernille og mamma Elisabeth truleg er dei mest kjende i flokken. Det var fleire av borna som glede seg til å møte særleg Mathias - og vart kanskje noko skuffa over at det vart mindre konkret tid saman med han enn først antatt. Likevel var det ei inspirerende og engasjerande helg, men mykje song, musikk og dansing på både små og store. Familien engasjerte med både oppvarmingsleikar og fengende songar. Og helga vart avslutta med møte for alle på Spjelkavik bede-

DELTAARAR PÅ LEIR	2015 (2014)							
	Brusdalsheimen				Orreneset Misjonssenter			
	leirar	avlyst	deltakarar	Leiarar*	leirar	avlyst	deltakarar	Leiarar*
2.- 4.trinn	6 (5)	3 (0)	184 (221)	29 (52)				
5.- 7.trinn	4 (4)	1 (1)	79 (127)	25 (34)	2 (2)	0 (0)	93 (126)	24 (24)
Barnekortreff	1 (1)	0 (0)	65 (65)	16 (16)				
8.-10. klasse					4 (4)	3 (1)	20 (106)	6 (25)
Unge voksne/ULW					0 (1)	0 (0)	0 (20)	0 (2)
Familie					2 (1)	2 (0)	0 (70)	0 (8)
Pu-weekend								
<b>SUM</b>	<b>8 (10)</b>	<b>3 (1)</b>	<b>328 (409)</b>	<b>70 (105)</b>	<b>3 (8)</b>	<b>5 (1)</b>	<b>113 (332)</b>	<b>30(59)</b>

\*Inkludert hjepeleiarar

Totalt 2015 (2014)	Antal	Differanse
Leirar totalt	18 (20)	- 2
Avlyst totalt	8 (1)	+7
Deltakarar totalt	441 (741)	-300
Leiarar totalt	100 (164)	-64

- 46 deltakere har vore påmelde til leirar som har vorte avlyst
- 6 har stått på venteliste og ikkje fått plass på grunn av leiarmangel.
- Dette er antal påmeldte deltakarar og leiarar. Dersom deltakarar eller leiarar av ulike grunnar ikkje har møtt på leiren, er dette ikkje rekna med i tala i tabellen over.



# Årsmelding for ImF-UNG Sunnmøre for 2015

hus der borna framførte det dei hadde øvd på i helga. Dette vart ei flott samling som engasjerte særleg småbarnsfamiliar. Korfestivalen forøvrig opplever vi også som viktig og ønska. Både med tanke på at korleiarane får møte andre med same engasjement, men også at borna får ei helg med fokus på å lære nye songar, og å bygge tru og venskap i og rundt dei. Tusen takk til de som var med og gjorde det til ei minneverdig helg.

## KONFU

KonFu er vårt konfirmantarbeid som vi har saman med NLM Region Nordvest og Emblem Bedehusforsamling. Dette er eit tilbod for dei som ikkje ynskjer å konfirmere seg i kyrkja den Norske, eller ønskjer seg et supplement til den undervisninga dei elles får.

Våren 2015 avslutta vi eit konfirmantår med 19 konfirmantar. Av dei konfirmerte 3 seg på Emblem bedehus. Hausten 2015 starta vi med eit nytt kull på heile 27 konfirmantar. Det er det meste vi har hatt nokon gong!

Vi er både stolte og veldig takknemlege for KonFu og for den muligheita det gir oss til å forme konfirmantane i ei veldig viktig tid i livet der ein tar mange val. I tillegg får vi bli kjent med konfirmantane og bygge relasjonar med dei, noko som er svært viktig og verdifullt!

KonFu er eit flott arbeid og eit flott tilbod som vi er stolte av å kunne tilby. Vi vil også benytte anledningen til å takke alle foreldre som sender borna sine på KonFu. Vær med å be for KonFu.

## LUFT

LUFT står for Leder Utvikling For Tenåringar og vart starta hausten 2011. Dette arrangerer vi i lag med NLM. Vi har hatt dei same personane i gruppa sidan gruppa vart starta i 2011. det vil sei at vi har fylgt desse ungdommane sidan dei gjekk på KonFu til dei no var ferdige på vidaregåande. Så denne våren vart gruppa avslutta. Det var både vemodig, men også ein glede å få sjå kor dei har utvikla seg desse åra.

Sidan den gruppa vart avslutta så vart det starta ei ny LUFT gruppe våren 2015. Det er 6 personar som er med, og alle har gått på KonFu tidlegare. Vær med å be for dette arbeidet og be for ungdomane at dei må få vokse i kjennskap til Jesus og blir forma av Han.



## SALOMOKONKURRANSEN

Salomokonkurransen er ein konkurranse der lag konkurrerer i bibelspørsmål. Det er to klasser, 5.-7. klasse og 8.-10. klasse. Detter året var det totalt 11 lag frå Sunnmøre som var med. Det var kun laget «Møre Barne- og Ungdomsskule 1» som kom til finalen i 5.-7. klassen, og dei enda til slutt på 3. plass. I klassen 8.-10. klasse var det ingen lag frå Sunnmøre som kom til finalen.

## NATT TIL 1. MAI

Også i 2015 var ImF-Ung Sunnmøre med på å arrangere «Natt til 1.mai Gospel» saman med YUngdom på Blindheim Bedehus. Dette er eit populært arrangement og over 300 ungdommar var innom denne kvelden. Dei fekk høyre flott korsang av Respons, Ålesund Soulteens og Petrus. I tillegg var det både dans og lovsong. Torgeir Nygård hadde andakt. Det var eit vellykka og bra arrangement og vi vil takke alle som bidrog til å få det til.

## PIT-STOP

17.-19.oktober var det Pit-Stop på Emblem bedehus. Dette var åttande gongen det vart arrangert Pit-Stop på Sunnmøre. Temaet for helga var «Radikal» og taler Torgeir Nygård talte sterkt om det å gi alt til Jesus og våge å gi Han heile livet. I tillegg hadde Ragnhild Huse Tunheim, Torgeir Nygård og Ingrid Kvam Steinshamn seminar om «Menneskeverd – historien om eit liv», «Hva er poenget med Jesus?» og «Kven er eg på Face/Insta?». I tillegg var det herlig lovsong, gospel-night med appell (v/Andreas Furnes) og mykje sosialt. Vi er veldig nøgde med årets Pit-Stop og vil rette ein stor takk til alle frivillige som var med på å gjere det til ei så flott helg! Takk til dei frivillige på Emblem bedehus som stilte hus og folk til disposisjon, og takk til alle som bidrog økonomisk. Vi gler oss allereie til neste gong!

## PROSJEKT YTRE BYDEL

Alice Kristin Holmen vart ansatt som prosjektleder i 50 % stilling i Sunnmøre Indremisjon 1.mars 2015. Frå august hadde Alice 40 % stilling i prosjektet, ettersom ho arbeidde som leiar i ImF Ung Sunnmøre i 60 % stilling. Eivind Landro har vore engasjert i prosjektet i 20 % stilling frå januar-juli, og 10 % stilling frå august-desember. Våren gjekk med til å kartlegge behov for fritidsaktivitetar og kristent arbeid i Ytre bydel. Eivind og Alice har snakka med kristne som bur i bydelen, og i tillegg hatt spørreundersøkelse på lokalbutikken i Skarbøvik. Det er stort behov for kristent arbeid i bydelen. Kristne som bur der kjenner det er vanskelig særleg med tanke på borna, at dei ikkje har noko kristent fritidstilbud der dei bur. Mot sommaren fekk vi eit samarbeid med KRIK Aspøya, og Alice vart med som leiar der frå i haust, i lag med dei som starta opp KRIK Aspøya i 2013, Gunhild og Anders Roald. Dette har vore eit svært positivt samarbeid. I haust har det vore mellom 4-11 deltakarar på treningane, nokre av dei er nye frå hausten. På kvar trening er det andakt, og ope for å kome med bønneemner når vi ber. Utpå hausten vart det i tillegg eit samarbeid med Ungdom i Oppdrag. 3 av årets studentar er med som hjelpeleiarar dette studieåret. Dette har fungert godt. To gongar per måned har vi hatt bønnevandring i bydelen. Dette har vore ope for andre å bli med på, men kun Eivind og Alice har vore med. Det å finne fleire som vil vere med i eit meir langsiktig engasjement i prosjekt Ytre bydel har vore svært vanskeleg. Alice har fått innvilga eitt års permisjon frå prosjektet frå 25.januar 2016. I permisjonstida vil ho likevel fortsette engasjementet i KRIK Aspøya.

# Årsmelding for ImF-UNG Sunnmøre for 2015

## BARNE- OG UNGDOMSRÅD

Dette året har det ikkje vorte gjennomført BUR møter, dette som resultat av mykje utskifting av leiarar i ImF Ung Sunnmøre. Leiar har forsøkt å samle BUR til eit møte hausten 2015 utan å lukkast med det. Det er difor ønske om at ny leiar i ImF Ung Sunnmøre tek tak i dette våren 2016.

## UNGMISJON.NO

I 2014 hadde vi gjennomsnittleg 346 besøk kvar dag på heimesida [www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no). Dette er vi godt nøgde med. Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida ofte slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. Frå 2015 vert det endringar på heimsida i samband med namneendringa.

## UNGMISJON.NO og FACEBOOK

Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida ofte slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. I 2015 har det vært dårlig med oppdateringar på nettsida, då vi har ikkje hatt ressursar og kompetanse til å halde den fullt oppdatert heile tida. Vi begynte prosessen med å gå frå å bruke [www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no) til å bruke [imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no). Å bytte nettadresse medfører ein del utfordringa i forhold til innarbeide rutinar hos brukarane våre. Vi er på Facebook og har ei eiga side som heite Ungmisjon som har 501 likere som får oppdateringar her i frå ofte. I 2016 skal nettsida vere [www.imfung-sunnmore.no](http://www.imfung-sunnmore.no) og vi vil starte prosessen med å endre namnet på Facebook sida til ImF-Ung Sunnmøre.

## PODCAST

Vi har ein podcast der vi legg ut talar frå egne arrangement og andre talar som vi får lov til å legge ut. Tidligare kunne ein finne ut årsstatistikk frå denne podcasten, men no er det blitt tilgjengelig kun for dei som er PRO kundar, og det er ikkje vi. Så dermed veit vi ikkje kor mange som har vore inne på podcasten og kor mange som har lasta ned talar derifrå.

## FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

For at vi skal klare å gjennomføre leiarar og arrangement for barn og unge er vi avhengige av frivillige medarbeidarar. Det har vore, og vil nok framleis vere, ei utfordring å få leiarar og medhjelparar til alle samlingane vi har ansvar for. Vi trur det er mange rundt om på Sunnmøre som ser at både leir og barneopplegg på samlingane våre er viktig, og som gjerne kunne bidra ei helg eller ein søndag for at vi skal få gode samlingar for barn og unge. Kan DU tenke deg å bidra, hadde vi sett stor pris på at du sende oss ein mail eller tok ein telefon.

## TAKK

Vi i ImF-UNG Sunnmøre vil rette ein stor takk til alle frivillige som er med i barne- og ungdomsarbeidet. Takk til alle lagleiarar, leirleiarar, givarar og støttespelerar. Takk for mogleheita til å få lov å spreie den gode bodskapen på heiltid. Til slutt vil vi takke alle de som ber for ImF UNG Sunnmøre. Det er det vi treng mest av alt! Meir enn pengar så treng vi at endå fleire er med og ber for UNG sitt arbeid. Husk gjerne konkret på oss som er tilsett i ImF UNG Sunnmøre.

TUSEN TAKK til alle som støttar oss på ulike vis!



# Årsmelding Brukt og Nyttig 2015

2015 var andre driftsåret for "Brukt og Nyttig". Hermed har vi fått meir erfaring, og med både positive og meir vanskelege oppgåver å takle. Samla sett så synes vi at det er eit flott tiltak som har blitt, både eit sosialt sentrum og eit kulturinnslag i øysamfunnet vårt. Ynskje som var sitert frå Guds ord under opninga den 11. januar 2014: "Alt som folk taler vel om, alt som duger er ros verdt - gjev akt på det"- (Filp. 4,8) har fått sitt svar. Folk taler berre vel om "Brukt og Nyttig". Veldig fint er det at vi har nok hjelp på butikken. Omlag 30 medarbeidarar stiller opp og tek sine vakter. Dei er i seg sjølv ein miljøfaktor. Det som vi bør få gjort noko med er transport av varer til og frå. Styret vil arbeide med å skaffe ein rimeleg varebil til butikken.

Overskotet vart ikkje så stort som for 2014. Dette har nok også sin grunn at vi fekk eit fint oppstartingsstilskot frå kommune og stat. Kr. 200.000,- vart oversendt til barne- og ungdomsarbeidet i Sunnmøre Indremisjon for 2015. Med i styret er Solbjørg Austnes, Irene Krokeide Alnes, Kjell Furnes, Annlaug Walderhaug og Åse Røsvik. Oddbjørn Støbbakk fører rekneskapen og Leif Kåre Valderhaug er revisor.

*Kjell Furnes*



# Årsmelding Brusdalsheimen 2015

«Tider skal koma tider skal henrulle....» Tid for årsmelding atter en gang.

2015: Vinter og vår med bra aktivitet, sommer og haust ein del mindre.

**Leirarbeidet** er det viktigaste for oss. I 2015 hadde vi 6 leirar + barnegospelfestival, og PULeir. 3 leirar vart avlyst. Ein på vår og to på hausten, dette har vi aldri opplevd før. Mannshelg, kvinnehelg og 60+ leir stod også på kalenderen, gode samlingar alle tre.

**Andre arrangement:** arbeiderfesten, to konfirmantleirar, fleire kor som har hatt øvingshelgar, skuleklasse på overnattingstur, kursdagar, konfirmasjons selskap, menighetsturar, m.m. Det er også mange som kjem til Brusdalsheimen for å ha juleavslutning med julemiddag.

**Båtlotteriet:** felles lotteri med Orreneset. Flott resultat. TAKK til alle gode hjelparar.

**Julemarknad:** I år var det dårleg vær og vi trakk vi inn i Spjelkavik bedehus, men det var mykje folk og eit godt resultat. Stor takk til alle som stiller opp.

**Vedlikehald og nybygg:** Vi har vore velsigna med at «Holysnikkers» frå Langevåg og andre har vore her jobba dugnad. Endelig får vi oss eit lagerbygg, med dør rett ut frå møtesalen og inn i lagerrommet, blir dette ei ny epoke for oss, vi har også fått nye vindauge i internatromma mot vatnet.

**Økonomi:** vil også i år vise til rekneskapet, og takke for alle som har bidratt med gaver, men også dei som legg diverse tilstellingar hit.

**Styret:** 1.halvår, Knut Årsund (leiar), Per Arne Furnes (nest-leiar), Karianne Steffensen (sekretær), Svein Stang, Reidar Rødstøl, Nils Myklebust (frå SIM-styret) og Ivar Inge Klefstad (vara) 2.halvår, Knut Årsund (leiar), Per Arne Furnes (nest-leiar), Karianne Steffensen (sekretær), Nils Myklebust, Jan Ivar Stokset (fra SIM-styret) og Ivar Inge Klefstad (vara).

**Takk:** Igjen vil vi takke styret for styrearbeid og praktisk hjelp. Takk til alle som stiller opp med gaver og praktisk arbeid (snekring, hage/skogsarbeid, vasking og kjøkkenhjelp). Stor takk til alle som tek oss med i forbøn. Fortsett å be om at Brusdalsheimen må være den misjonsstasjonen den var tenkt til!

## Arrangement 2016

### 60+ LEIR

22.-25. august

Talar: Kjell Hagen

### Inspirasjonsdager for kvinner

21.-22.oktober

Talar: Lotta Pedersen

### Julemarknad i Vikakroken

25.-26. november



# Årsmelding 2015 - Orreneset misjonscenter

**2015** – har vært et år med en liten nedgang i belegg. Gruppene er stabile og de fleste utnytter kapasiteten godt. Det er ikke like lett å få leie ut alle perioder av året på Orreneset, så november og desember var helt tomme for bestillinger i år. Det samme var juli måned. På sommeren fikk Orreneset en testamentarisk gave og det er vi svært takknemlige for. Det ble satt i gang diverse prosjekt på slutten av året. Denne gaven vil bli presentert mere detaljert senere i årsmeldingen, den vil bety mye for vedlikeholdet på Orreneset noen år fremover.

**Bemanning:** Anbjørg Kvam Bårnes 100% stilling som daglig leder. Hans Høydalsvik, vaktmester inntil 20%, Signe Bjørnstad, ansatt på timebasis, 5 elever fra Vestborg fordeleler helgene og tar hver sine jobbhelger.

**Styret:** Kåre Bø, Jan Petter Welle, Jarle Fausa, Sigmund Valbø, Ingjerd Baade 1.vara, Solfrid Ulstein Riise valgt som SIM's styremedlem og Anbjørg Bårnes fra Orreneset. Styret har ikke hatt formann dette året. Styret hadde 3 møter og behandlet 17 saker, noen saker ble oppfulgt via epost.

**Belegg:** Gjestedøgnstatistikken viser en nedgang på ca. 400 i år. Det meste skyldes avbestillinger på leir og noe mindre på selvhusholdgrupper/dagsturer. 10 – 12 årsleirene har godt fremmøte, de har profil med skileir og uteaktivitetsleir som fungerer godt. Tenleirene ble avholdt med 1 leir, 3 leirer ble avlyst. Familieleiren i påska ble avlyst. Familieleir i august i tilknytning til Orrenesstevnet, ble bare avholdt ett år for så å gå ut. Orreneset er ellers besøkt av skolene i SIM og vi har stadig flere forsamlingsweekender, dette er våre egne indremisjonsgrupper. Konfirmantgruppene er stabile og store nå, og noen frikirker har ulike arrangement her. 3 konfirmasjoner, 2 selskaper og 1 stort bryllup ble avviklet. 4 kurs, selvhusholdgruppene er fortsatt en del av drifta, men noe mindre i år. Weekender for andre organisasjoner og menigheter er svært godt besøkt og populært på Orreneset. Ellers var det ledig kapasitet i juli og slutten av året.

## Statistikk for gjestedøgn og dagsbesøkende 2015:

	Antall	Gjestedøgn	Dagsbesøk
<b>Sunnmøre Indremisjon</b>			
Leir	5	529	
Orrenesstevne, jonsok,	2		290
SIM andre	4	375	
Selvhushold SIM	1	75	
<b>Totalt SI:</b>		<b>979</b>	<b>290</b>
Kristne org./Menigheter:	15	2000	
Selskaper/servering/kurs	10		474
Overnatting, selskap	1	130	
Andre: korps, skoler	1	480	
Selvhushold, dagstur/selsk.	2		65
Selvhushold, m/ overnatting	2	113	
<b>Totalt annen utleie:</b>		<b>2723</b>	<b>539</b>
<b>Totalt gjestedøgn:</b>		<b>3702</b>	
<b>Totalt dagsbesøk:</b>		<b>829</b>	

	2014	2013	2012	2011	2010
<b>Gjestedøgn:</b>	4407	4108	4538	3232	4188
<b>Dagsbesøk:</b>	1048	1121	1416	1398	1618



## Vedlikehold og reparasjoner:

**Bygninger:** Nytt golvbelegg i begge salene og inngangspartiet, nye madrasser og sengebunner i hyttene, samt noen flere rammemadrasser på loftet. Dette var prosjekt satt i gang med bakgrunn i den testamentariske gaven.

**Utvendig bygg:** Beisning ble foretatt av enkelte vegger.

**Uteområde:** Utviding av vei, ned fra kjeller.

**Traktor/bil:** En del slitasje, reparasjoner og EU kontroll på bil.

**Investeringer/vedlikehold utstyr:** Ny oppvaskmaskin, 2 nye varmtvannstanker på hovedhuset, en del ombygging på kjøkkenet. Nye skjenker og skap i matsal og nye gardiner i møtesal.

**Lotteriet:** Kretsstyret bestemte seg for å ha et båtlotteri igjen for leirstedene. Det ble et godt år for lotteriet og ga 200 000 kr til hvert leirsted.

**Gaveinntekter** til Orreneset utenom lotteriet var i år: kr.198 632kr. Vi gleder oss over en økning i fast givertjeneste.

**Testamentarisk gave:** 1 020 000 kr. Det er bestemt av gaven skal fordeles inn i budsjettet hvert år i samsvar med de utgiftene som vi sett opp prosjekt på. Slik blir regnskapet lettere å lese fra år til år. Gaven skal brukes innen 5 år.

**Økonomi:** Resultat før avskrivninger: 22 816 kr.

Vi har da et årsresultat på – 40 000 kr. Med til dels store kostnader på reparasjoner og investeringer og forholdsvis mye avlysninger, er resultatet greit. Styret for Orreneset er glade for at mye av større prosjekt nå kan gjennomføres med den testamentariske gaven.

**Takk:** Styret vil takke alle som dette året har bidratt – med forbønn, giverglede og deltagelse. Sammen kan vi gjennom arbeidet som blir gjort på Orreneset, være med å bygge Guds rike i vår region. Vi vil at Sunnmøre indremisjon skal utvikle Orreneset til et godt og solid leirsted for fremtiden.

**Velkommen til Orreneset!**

Styret:  
Kåre Bø  
Jan Petter Welle  
Jarle Fausa  
Sigmund Valbø  
Ingjerd Baade 1. vara  
Solfrid Ulstein Riise (SIM repr)  
Anbjørg Kvam Bårnes

## Orrenesstemne

28. august

Møter kl. 12 og kl. 15.

Taler: Johan Halsne. Song av Sulagutane.

# Vika-Kroken Årsmelding 2015

## STYRETS ÅRSBERETNING 2015

Vikakroken AS er et aksjeselskap som eier forretningseiendommen i Vasstrandveien 1 i Spjelkavik. Leietagere i Vasstrandveien 1 er: Si-REISER, Sunnmøre Indremisjon, Sunnmøre Begravelsesbyrå, Radio Sunnmøre.

Vika-Kroken AS har ingen ansatte, kostnadene til den daglige drift og ledelse ivaretas og faktureres fra Si-REISER AS. Selskapet hadde i 2015 en omsetning på kr. 461.400. Selskapet hadde i 2015 et årsresultat på kr. 90.476. Overskuddet ble tillagt annen egenkapital. Egenkapitalen pr. 31. desember 2015 er kr 3.547.269,-

Styret i Vika-Kroken AS bestod i 2015 av:  
Bjørn Tunheim (styreleder)  
Anja Ulveset Heggen  
Karl Arne Austnes

Bjørn Tunheim  
Styreleder

Aud Kindervåg Halsne  
Daglig leder

## Årsmelding 2015 for Si-REISER AS

Si-REISER gjennomførte i 2015 sitt 37. arbeidsår, og har hatt nær 5.000 gjester på tur dette året.

### Gjestene

Si-REISER har gjester fra hele Norge. Selskapet er den største turoperatøren i kristen regi. Vårt mål er å stadig få nye gjester til å reise med oss, samtidig som vi ønsker å beholde våre stamgjester. Våre gjester velger Si-REISER fordi de får et annet tilbud enn det de selv kan bestille på nettet. De får en reiseleder som ordner opp praktisk, viser omsorg og er en leder i det sosiale fellesskapet på turen. Og de får Guds ord forkynt gjennom en forkynner. Dette er det vi mener med mer enn ferie.

### Statistikk

I 2015 ble det totalt gjennomført 147 turer.  
KRISTNE FERIEREISER 72 turer  
BESTILLINGSTURER 75 gruppeturer.

### Kristen Bussferie

Denne avdelingen har hatt mange gjester i 2015, og både nye turer og gjengangere, Mange velger denne sosiale reisemåten som starter rett utenfor døren.

**Bibelferie i Syden.** Vi merket en veldig positiv respons på Kypros og de nye hotell anleggene vi satset på der i 2015. Mange gjester ønsker å kombinere bibelforkynnelse med sol/bading og avslapping. Også våre andre sydenreisemål som Gran Canaria, Tenerife og Kreta solgte bra.

**Opplevelsesreiser** er turer til alle verdens "hjørner". Mange gjester har reist på Opplevelsesturer dette året. Nær 500 personer var på Torinoturene. De «aktive turene med sykkel og vandring» selger også godt. I tillegg var en gruppe på 84 personer på Gospelcruise i Karibien. Vi lager turer som er sammensatt av mange komponenter, som kan være vanskelig å gjøre på egen hånd, noe som er nøkkelen bak disse konseptene.

### Israel

Israel. Dette gjorde vi i samarbeid med Sabra Fokus reiser. Det er færre gjester enn før som velger dette reisemålet, kanskje på grunn av uroligheter i tillegg til høye priser? Turene til Israel betales i US dollar som siste året har vært svært høy. Vandreturene fra Nazareth til Betlehem har solgt så bra at flere ekstraturer har blitt satt opp..

### Ravinala

Mange har ønsket å reise på tur til eksotiske steder og misjonsdestinasjoner. Flest til Madagaskar som er denne avdelingen sitt fremste reisemål. Ravinala avdelingen er lokalisert på misjonshøyskolen i Stavanger og har 2 personer tilsett.

### Bestillingstur-avdelingen

Denne avdelingen som tar bestillingsturer fra Bibelskoler, Folkehøgskoler, Videregående skoler, Ungdomsskoler, kor, lag og venneflokker, har også vokst de siste årene. I 2015 hadde vi 75 turoppdrag med mer enn 3000 gjester, de fleste ungdommer.

SOMMER & HØST 2016  
KRISTNE FERIEREISER

KRISTEN BUSSFERIE BIBELFERIE I SYDEN ISRAEL OPPLLEVELSESREISER RAVINALA

### Økonomi

Selskapet gikk i 2015 med et underskudd på kr. 175.815,-. Utfordringer med høy valuta, og svingninger i markedet kan være forklaringen. Egenkapitalen i Si-REISER er nå kr. 3.186.339,-.

### Visjoni

Vår visjon er fortsatt å gå med *"Guds Ord til feriefolket"*.

Vi ønsker å gi det norske folk et tilbud om ferie i kristen regi, en ferie hvor Ordet forkynnes til frelse, oppmuntring og tjeneste!

### Eiere

Si-REISER er 100% eid av Si-REISER Holding AS, som igjen er eid av: Sunnmøre Indremisjon (39%), Indremisjonsforbundet (19%), Normisjon (19%), NMS / Manova 19%, Nordmøre og Romsdal IM (2%), Indremisjonssamskipnaden (2%)

### Styret

Styret har i 2015 behandlet 34 saker og består nå av:

Ole Fritjof Godtfredsen – styreleder

Karl Arne Austnes – nestleder

Bjørn Tunheim - styremedlem

Kari Røsvik Sundgot – styremedlem

Per Ørjan Aaslid - styremedlem

Anja S. Ulveseth. Heggen – styremedlem

Harry Valderhaug – 1.vara (gikk ut av vervet da han ble ordfører i Giske høsten '15)

Svein Bjarne Aase – 2. vara

Jan Inge Nasvik – 3. vara

### Administrasjonen

Si-REISER hadde ved utgangen av 2015 følgende ansatt: Aud Kindervåg Halsne, Kurt André Henriksen, Sissel Stokset, Oddrun Giskeødegård, Corina Klokk, Geir Sandvik, Liv-Hilde Hellevik, Gerd Standal Volle, Mona Nordstrand, Øyvind Sæthre, Harry Wiig Andersen.

Si-REISER har en faglig dyktig og arbeidsvillig stab. De gjør en stor innsats for selskapet.

*Ole Fritjof Godtfredsen*  
Styreleder

*Aud Kindervåg Halsne*  
Daglig leder



*Vandretur i Dolomittene er et av våre turtilbud.*

# Daggry Barnehage

Daggry Barnehage har hatt 59 barn frå 1-6 år dette året, fordelt på 3 aldersdelte avdelingar. Det har vore fullt belegg, og ei god venteliste. I personalgruppa er vi tilsamen 19 personer, fordelt på 14,7 stillingar, inkl assistenter som arbeider særskilt på barn med særskilte behov. Åtte av dei tilsette har barnehagelærer-utdanning, og fleire av assistentane er fagarbeidarar, eller tek fagbrev dette året.

Personalet har avdelingsmøter kvar veke, leiarmøter annankvar veke, og vi har hatt 8 personalmøter på kveldstid dette året. Det vert satsa mykje på kvalitetsutvikling, både i forhold til det faglege, trivsel og arbeidsmiljø, og personleg utvikling, og vi deltek på fleire kurs gjennom året.

## Samarbeid med eigar

Samarbeid med eigar/ krunssekretær og eigarrepresentant/leiar for Samarbeidsutvalet og Styret ved Daggry har vore godt. Eigar har vore mykje inne i biletet også dette året i samband med planlegging av ny barnehage. Personalet vart invitert på Arbeiderfesten til Sunnmøre Indremisjon, og på årsmøtet. Styrar og ass.styrar har også delteke på leiarsamling med SI sine skuleleiarar. Vi set stor pris på dette samarbeidet, og har god nytte av det.

## Samarbeid med foreldre og andre etater

Personalet legg stor vekt på det viktige samarbeidet med foreldra, gjennom foreldremøter, i brukarundersøking, foreldrekonferanser, dugnad, julefest, sommarfest, foreldrecaffi, påskefrukost, og dagleg kontakt i bringe- og hentesituasjoner. Kvar månad vert "Daggry-posten" med informasjon til foreldra, og månadsplaner for kvar avdeling, sendt ut. Vi har også heimeside og facebook-gruppe der vi når foreldra med informasjon.

Barnehagen har eit nært og godt samarbeid med *Giske kommune*. Pedagogisk konsulent i kommunen har månadlege møter med alle styrarane, kommunalsjef og ped.konsulent har årlege tilsynsbesøk i barnehagane, og det vert arrangert felleskurs på studiedagane våre. Kommunen driv også fagleg opplæring, utviklingsarbeid og rettleiingsarbeid for alle barnehagane.

Vi samarbeider årleg med Valderøy ungdomsskule, og tek imot elevar som skal ha arbeidsveke, og vi er praksisbarnehage for Høgskulen i Volda, og har hatt 2 studenter frå barnehagelærerutdanninga dette året.



Vi har også samarbeidsprosedyrer med PPT, helsestasjon, barnevern, og barneskulen i samband med barn som skal over frå barnehage til skule.

Barnehagen deltek kvart år på julegudsteneste i Vigra kyrkje, og påskegudsteneste i Valderøy kyrkje, som er felles for barnehagane i kommunen.

## Årsplan og innhald

Kvar haust vert det utarbeidd ein årsplan, der hovudmålet er å gje barna gode utviklings- og aktivitets-tilbod. Barnehagen skal i nær forståing med borna sine heimar hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane. Barnehagen sin viktigste profil utad, er at det er ein kristen barnehage, og innhaldet er prega av det. Visjonen vår er: "Daggry barnehage -med Guds kjærleik til barna". Det kristne innhaldet i barnehagen er godt integrert i kvardagsaktivitetane; vi syng kristne barnesanger på lik linje med andre barnesanger, vi har ei fast bøn som vi ber kvar dag, vi lærer eit bibelvers kvar månad, og vi har samling med tema frå Bibelen og kristen etikk ein gong i veka. Vi legg også stor vekt på dei kristne høgtidene i barnehagen.

Barnehagen har sitt eige barnehagekor, som består av alle barn og vaksne på Daggry. Vi øver saman to ganger i månaden, då har alle på sine grønne Daggry-t-skjorter, og vi syng stort sett på interne fester og arrangement der foreldra deltek. Sosial kompetanse er satsingsområdet vårt, og går over fleire år. Vi jobber med identitet, vennskap, samspel og fellesskap i barnegruppa. Barna skal lære haldningar og verdier som trengs for å fungere i eit fellesskap og eit samfunn. Det handler om å ta vare på kvarandre, vise empati, omsorg, ansvar og respekt. Vi nyttar naturen mykje som opplevings- og lærings-arena, der det er fokus på undring og utforsking. Daggry er med i realfagsprosjekt i Giske kommune / UDIR. Her jobber vi med grunnlaget i matematikk og naturfag gjennom fagområda i Rammeplan for barnehager.

Barnehagane ligg under Kunnskapsdepartementet, og vert rekna som ein del av heile utdanningsløpet. Det er store krav til det pedagogiske innhaldet, men lek og omsorg er det som skal prege barndommen i barnehagen. Læring skal skje gjennom lek og opplevingar, den skal vere tverrfagleg, og barna skal lære med heile kroppen og alle sansane. Verdiformidling og danning er ein viktig del av kvardagslivet i barnehagen. Årsplanen er bygd på barnehagelova, rammeplanen, kommunen sin kvalitetsplan for barnehagar, og vedtekter for barnehagen.

På heimesida vår [www.daggrybarnehage.no](http://www.daggrybarnehage.no), kan de lese meir om innhaldet i barnehagen vår.

## Økonomi

Etter at kommunene fekk ansvaret for finansieringa av bar-

## DETTE SKAL BARNA I DAGGRY BARNEHAGE LÆRE / OPPLEVE:

\* Å kjenne seg elska (visjonen vår; formidle Guds kjærleik)  
Oppleve å vere unik og verdifull i vårt fellesskap. Bli sett og høyrte kvar dag.

- Dette trur vi på, og dette går vi for i vår barnehage!
- Vi jobber saman om det vi trur på, og dreg saman mot måla!
- Verdiane våre skal prege all aktivitet, daglege rutiner og relasjonar i barnehagen vår!
- Barnehagens fysiske miljø skal også

gjenspeile "Daggry-måten" å jobbe på gjennom dokumentasjon.

- Det skal vere klart og tydeleg for alle tilsette og foreldre i vår barnehage kva vi jobber mot, og i utad gjennom barnehagens profil.
- Vi skal jevnleg vurdere praksisen vår for å sjå om vi er på rett veg mot måla.
- Vi skal heile tida jobbe for å bli betre! Den som slutter å bli betre, slutter å vere bra!





# Årsmelding 2015

nehagane i 2011, så er det trange rammer å drive innanfor. Vi har ikkje klart å drive med overskudd etter dette, og også dette året hadde vi eit underskot på vel kr. 100.000. Frå 2016 ser satsane betre ut, og når vi får ny barnehage med 4 avdelinger, så ligg det an til betre økonomi.

## Ny barnehage

Sunnmøre Indremisjon er fortsatt i prosessen med å bygge ny Daggry barnehage, noko som er nødvendig pga det gamle og lite funksjonelle bygget vi no har, sett i forhold til dagens krav til barnehagedrift. Teikningane er ferdige, og dersom alt går i orden med finansiering, så kan vi få starte bygginga snart. Det ser ut til å bli ei god løysing for oss med ny 4-avdelings barnehage på flott tomt rett vedsida av Valderøy nye barneskule.

## Styret og Samarbeidsutvalet for barnehagen hausten 2015

Eigar:	Karl Arne Austnes -leiar	(styret og SU)
	Hans-Louis Valderhaug	(styret og SU)
Personale:	Marte Tolo Skjong	(styret og SU)
	Anita Ytterland	(styret og SU)
	Kari-Lise Nordstrand –styrar	(styret og SU)
	Grete V. Walderhaug – ass.styrar	(styret og SU)
Foreldre:	Torill Valderhaug / Gry Kristin Fylling	(SU)
	Therese Valderhaug	(SU)

Det vart halde 3 møter i styret og samarbeidsutvalet i 2015.

Kari-Lise Ose Nordstrand  
-styrar ved Daggry barnehage



# Borgund Folkehøgskole

## ELEVSITUASJONEN:

Våren 2015 fullførte 113 elevar, hausten starta vi med 108. Det er gode tider for folkehøgskolane. Aldersgrensa er 18 år og nesten alle elevar kjem frå fullført vidaregåande skole.

## PERSONALET:

Personalet har gjort ein stor innsats gjennom året, og vi vil takke kvar enkelt for medeigarskap og god innsats. Dei nye som har kome til er Robert Botn (Australia Backpack, musikkfag og skrivfag) og Kristina Nergård Fagerhol (miljøarbeider Bo og fritidslinja). Anders Noraberg sa opp stillinga si etter eit års permisjon. Aida Kjerstad Urkedal gjekk tilbake til fulltidsfotografering men er framleis innoan oss i nokre valfag.

**Administrasjon og leiing:** Sven Wågen Sæther (rektor) Lars Johan Klokk (undervisningsinspektør), Bente Søggen Blindheim (kontor), Audny Mongstad (administrasjonsleiar).

**Lærarar:** Oddgunn Ervik, Ottar Myrseth, Evy Larsen, Matthias Furrer, Ato Owusu-Addo, Anders Noraberg (permisjon våren), Kristin Blindheim, Anne Birte Bjørndal Hanken, Ragnhild Eide Akslen, Knut Ståle Løvoll Thomassen, Aida Kjerstad Urkedal (våren), Per Strøm, Jan Kristian Behrentz, Ingrid Rødset.

**Internat og kjøkken:** Randi Stige Øvstebø (internatleiar), Jorunn Håskjold (kjøkkenleiar), Marit Valen, Heidi Lillebø Flaten, Elisabeth Sleipnes, Helga Birgisdottir, Astrid Sørøng. Kristina Nergård Fagerhol (miljøarbeidar RBF hausten)

**Vaktmester:** Jon Harald Strømme. Reidar Brandtzæg tilkallingshjelp.

**Stipendiatar vår:** Hanne Omdal Bødtker, Ida Marie Rustgaard, Julianne Kristiansen Stapnes, Kristine Klever, Maren Kristin Stormo, Ole Jakob Mjellem, Ole Martin Bale, Thomas Stamsø, Peter Maina Maich (Nairobi – Kenya).

**Stipendiater høst:** Cathrine Backer, Cornelia Myhre, Daniel Frafjord, Levi Jansen, Ola Theodor Watten, Trym Vadla og Ana Gloria Lanchipa (La Paz – Bolivia). I tillegg har vi Norunn Rørvik som er T2 elev ved Bildøy Bibelskole i stipendiatteamet.

## BYGNINGAR OG UTEAREAL:

Trass i at det ikkje har vore det store utbyggingsåret har det blitt investert for over 1,1 millioner kroner ved Borg i 2015. Skifte av kjøle og fryseanlegg har vore det største enkeltprosjektet. Her har vi også fått etablert varmegjenvinning. Minibuss nr 2 er innkjøpt.

## ANNAN BRUK AV LOKALA:

Totalt for anna verksemd var det for 2015 ein omsetnad på 2,20 millionar kroner (2014: 2,10 mill tilsvarande 5% auke). I dette ligg også utleige av skolekjøkken og Borghall til Møre ungdomsskole. Festsalen blir leigd ut til Spjelkavik kyrkjelyd til Gudstenester og Sunnmøre Indremisjon nyttar festsalen til samlingar. Samla gir driftsområda utanom skoledrifta og gåver - inntekter som er nødvendige for å kunne handtere auka finanskostnader som følge av investeringar. Vi har ennå moglegheiter til å auke inntekter både på Borg bed & breakfast, Catering og selskapslokale. Bruk oss!!

## INNHOLD:

Undervisninga er delt i ein fellesfagdag, to valfagdagar og nær to basislinedagar. Basislinene er knytt til reisemål og nokre fag er dekte i desse. Basisliner i 2015 har vore knytt til fag som politikk, solidaritet, samfunnsforståing, friluftsliv,

idrett og musikk (våren). Hovudreisene har gått til Australia, New Zealand, USA, Bolivia-Peru og Kenya-Tanzania. Valfaga gjer det mogleg for kvar elev å knytte inntil 12 fagområde til skuleåret sitt. Her har dei valet om emne innan trening, musikkfag, friluftsliv, ski, alpint, dykking, klattring, kristen tru og mykje meir. I fellesfaga har vi kristen tru, laurdagsseminar, skulekor, internatorden og allmøte.

Vi held fast på ein identitet som reiseskolen mellom folkehøgskolane. «Den store reisa» er eit begrep i historia om dannelsingsprosjekt; ei tid i Europa skulle dei som hadde høve til det besøke dei viktigaste hovudstadane saman med ein pedagog før dei starta på livet sitt som adelsmenn og leiarar i ein lokal landsby. Mange får høve til å ta slike reiser i Noreg i dag. Vi når heile verda. På Borg får dei med seg våre pedagogar ut. Vi får sjå, erfare og tolke saman med elevane det vi møter på reisene våre. Vi lærer om oss sjølve, om våre næraste og om dei ukjende. Og om Gud. 170 Ord for dagen. Til saman ei reise for livet.

Reiseskolen har lagt fellesturen til Israel og Vestbreidda dei siste 5 åra. Vi gir elevane våre en helt spesiell reise i eit land knytt til bibelfortellingane vi ønskjer å formidle. Israel og Vestbreidda er eit av de mest samansette reisemål vi kan oppleve. Her er det historie og samtid knytt i alt vi møter.

Solidaritet Reiseskolen er ein del av arbeidet med å formidle verdier kring det å møte andre ute på reise. Den kunnskap vi får på reise om kva vi er fattige og rike på, utfordrar til ikkje å stille seg likegyldige. Skoleåret 2014-2015 samla elevane inn kr 235 818 (kr. 205 391,50 året før), til Solidaritet Reiseskolen, kanalisert gjennom fleire organisasjonar til arbeid i Nairobi Kenya og Bolivia – Peru, på stader reisemålslinjer besøker.

I tillegg har vi frivillige tilbud til dei som ønskjer meir av kristent innhald i skoleåret sitt. Vi kan nemne minikor, bibelgrupper, nonstopGud-grupper (temasamtaler heime hos lærarane), Open post (møte med personar med ei historie) og onsdagsmøte. Det er spesielt gledeleg å sjå at ei stabil gruppe på minst 30 elevar sluttar opp om desse onsdagsmøta kvar gong. Her er det lovsong som elevar og Ragnhild Eide Akslen øver saman og ein tale av interne og eksterne. Ei gruppe i personalet har arbeidd med form og innhald dette året og saman med dei elevane vi som no søker til Borg har vi fått til godt oppmøte her. NonStopGud-gruppene har fortsatt godt oppmøte og har hatt ca 70 elevar på heimesamlingane. Vi vil vere en tydelig skole, slik at nye kan kome til tru og dei som trur kan bli grunnfesta.



# Årsmelding 2015

## ØKONOMI:

Revidert regnskap for 2015 viser eit årsresultat med overskot på kr 1 182 920,- når finanspostane er rekna med. Det var budsjettert med eit overskot på kr 90 000,-. Til samanlikning vart årsresultat i 2014 et overskot på kr 774 628,-. Skolens langsiktige gjeld utgjer no kr 36 333 737,- (2014: kr 38 302 249,-). Omsetninga auka fra 22,4 mill til 24,3 mill frå 2014 til 2015 (5%). Auka tilskot fordi elevtalet aukar, full skole, mindreforbruk personalkostnader, god sommardrift og fin utvikling av anna utleige er samla grunnlaget for overskotet. Overskot er nødvendig skal vi kunne drive utvikling og vedlikehold av bygningsmassen vidare framover.

## RAPPORTERING OG SJØLVEVALUERING:

Våren 2015 leverte vi sjølvevalueringsrapport om det kristne arbeidet. Lars Johan Klokk var med på Ungdom, kultur og tro – prosjektet i regi av Noregs kristelege folkehøgskulelag og sjølvevalueringsarbeidet fall saman med undersøkingar han gjennomførte i dette prosjektet. Hausten si fornying av onsdagsmøtet kan vi sjå som del av dette utviklingsarbeidet. I haust skal sjølvevalueringa handle om berekraft og miljø. Dette er eit prosjekt mange av folkehøgskulane er med på.

## STYRET:

**Frå eigarane:** Odd Christian Stenerud – styreleder, Jostein Morits Molvær – nestleder, Arild Austnes og Rannveig Aure Nybø. **Vararepresentanter:** Håvard Nybø, Berit Thorsen, Oddbjørn Brunstad. **Rektor:** Sven Wågen Sæther. **Frå dei tilsette:** Ottar Myrseth . Vararepresentant: Kristin Blindheim Akslen. **Frå elevene:** Elevrådsleder: Leif-Peder Oma (vår), Karie Oksnes (haust).

## TAKK:

Skolen er takknemleg til alle som har vist trufast støtte og vore med oss i bøn for året som gjekk. Borgbasar og Borglotteriet er viktige arrangement for skolen. Her har vi fått god hjelp av "Borgvener". Bli med oss som Borgven. Borgnytt har stått opp att som meldingsblad i papirformat, dette vil vi gjerne sende ut gratis til alle som ber om det. Følg med og bli glad i skolen din.

15.2.2016

Styret ved Borgund folkehøgskole  
Odd Christian Stenerud (styreformann)

Jostein Molvær

Arild Austnes

Rannveig Aure Nybø

Ottar Myrseth (tilsettrepr.)

Karie Oksnes (elevrepr.)

Sven Wågen Sæther (rektor)



## holde arrangement?



70 17 76 00

admin@borgund.fhs.no

www.borgfhs.no

kurs og konferanser: **AMFI**  
trening og barnebursdag: **IDRETTSHALL**  
festlig lag: **KULTURSAL**  
mindre forsamlinger og minnesamvær: **SELSKAPSLOKALE**  
**CATERING** til store og små anledninger

# Møre Ungdomsskule

Våren 2015 tok vi avskjed med det 18. elevkullet ved Møre Ungdomsskule og i august starta 28 nye åttande-klassingar. Møre Ungdomsskule er ein skule der vi som tilsette med våre haldningar og handlingar, kan vere med på å utruste elevane våre med eit solid kristent verdigrunnlag som dei har med seg vidare i livet.

Målet for skulen er:

- I. Å føre elevane fram til grunnskuleeksamen
- II. Å søke å vinne og bevare dei unge for Kristus

Vi ynskjer å vere eit alternativ i skulelandskapet og har dei kristne grunnverdiene som rettesnor. Vi har både rett og plikt til å synleggjere det kristne verdigrunnlaget vårt i fagplanane og i den faglege tilrettelegginga. Dette skal prege skulekvardagen vår. Vi tek ikkje noko bort frå læreplanane, men vi legg noko til!

## Elevane

Våren 2015 hadde vi 103 elevar og hausten 2015 var elevtalet 104. Ved elevtellinga 1. oktober

2014 fordelte elevane seg på slik på heimekommuner:

Ålesund - 88 elevar	Sula - 6 elevar
Skodje - 1 elev	Sykkylven - 3 elevar
Haram - 2 elevar	Giske - 2 elevar
Ørskog - 1 elev	Herøy - 1 elev

Elevane fordelte seg slik på klassetrinna:

10. klasse; 29 elevar 9. klasse; 47 elevar 8. klasse; 28 elevar

Skulen opplever framleis ein god og stabil tilgang på elevsøknadar. Samtidig ser vi at ved skulestart er det elevar som trekkjer seg.

6.klassingar som står på søkjarlista vart også denne våren inviterte til eit treff saman med foreldre.

Info og sosialt samver stod på programmet. Dette tiltaket er viktig for at elevar og føresette skal få

eit møte med skulen før dei skal ta ei avgjer om skuleval.

Følgjande tabelloversikt over søkjarar pr. 01.02.16

ÅR FOR OPPSTART I 8. KLASSE	ANTAL ELEVSØKNADER	ELEVPLASSAR
2015	70	29
2016	64	29
2017	58	54*
2018	81	29
2019	56	29
2020	52	54*
2021	51	29
2022	39	29
2023	46	54*
2024	37	29
2025	25	29
2026	28	54*
2027	9	29

\* År med parallellklasser

## Styret for Møre Ungdomsskule

Møre Ungdomsskule er organisert som ei stifting, og det er styret i Sunnmøre Indremisjon som vel medlemar til stiftinga

sitt styre. Dei andre medlemene av styret har uttalerett, men ikkje stemmerett. Styret for Møre Ungdomsskule har hatt denne samansettinga:

Formann:	Vår 2015: Karl Arne Austnes	Frå hausten 2015: Helge Dimmen
Nestformann:	Knut Eilert Røsvik	Margunn Hasle Eide
Styremedlem:	Karl Arne Austnes	Randi Erdal Heggheim
Styremedlem:	Arnstein Ørjavik	Arnstein Ørjavik
Styremedlem:	Randi Erdal Heggheim	Knut Eilert Røsvik
1.vararepresentant:	Maria Gundersen Zahl	Maria Gundersen Zahl
2.vararepresentant:	Carina Nyvoll	
Representant for foreldra:	Morten Jakobsen	Eli Viddal
Rep.for Ålesund kommune:	Svein Homb	Svein Homb
Representant for lærarane:	Kjell Eivind Holmen	Margrethe Bakke
Rep. for andre tilsette:	Per Alnes	Per Alnes
Elevrepresentant:	Maria Grimstad	Marthe-Kristin Aaberg/ Sondre Lerfall

Rektor og sekretær for styret: Signe Urtegård

Signe Urtegård

Styret har i 2015 hatt 5 styremøter og handsama 53 saker.

I samarbeid med dei andre Møre-skulane og Molde friskule arrangerte vi i september kurs for styremedlemmer. Vi ynskjer å rette ei stor takk til styret for det viktige og nødvendige arbeidet de legg ned for skulen!

## Tilsette ved Møre Ungdomsskule

Eldfrid Eikrem	- lærar
Elisabeth H.Sairosi	- lærar (perm 15/16)
Øystein Runde	- lærar
Kristine Kjerstad	- lærar (perm 15/16)
Olav Sæbø	- insp.
Trine Johansson	- lærar
Kjell Eivind Holmen	- lærar
Ragnhild Wold	- lærar
Per Gunnar Hamnøy	- lærar/rådgj.
Margrethe B. Bakke	- lærar
Synnøve Øye	- lærar
Gry Sæther	- lærar
Robert Tron Tjomlid	- lærar
Ole Knut Giske	- lærar
Per Alnes	- ass./lærar
Gunvor S. Reiten	- reinhaldar
Reidun Myrseth	- lærar
Marit Alnes	- assistent (vår15)
Rune Sæther	- lærar
Karina Leine	- lærar(perm15/16)
Hege Klungsøyr	- lærar
Monica Volle	- lærar(vikar-15/16)
Mona Husøy Lie	-kontormed.
Toril Fagerhol Nøstrud	- lærar (vikar-15/16)
Emmanuel Sairosi	- lærar (vikar-15/16)
Signe Urtegård	- rektor

Møre Ungdomsskule har eit personale som identifiserar seg med skulen si kristne målsetting og som arbeider aktivt for at skulen skal bety noko godt og positivt både i opplærings- og oppsødingsoppdraget. Både fagleg og miljømessig er det grunn til å gle seg over Møre Ungdomsskule sine resultat i dei nasjonale prøvene, til eksamen og i den årlege elevundersøkinga. Velkvalifiserte og engasjerte tilsette er mykje av forklaringa til dette. Difor er det og all grunn til å takke eit samla personale for det store og viktige arbeidet dei utfører ved skulen vår!

## Læring

På Møre Ungdomsskule gir vi opplæring i dei ulike faga etter

# Årsmelding 2015

Kunnskapsløftet 06. I kristendomsfaget gir vi opplæring etter godkjend plan. Vi har og mange godt innarbeidde tradisjoner på skulen vår som er viktige for læring og læringsmiljø. Like etter oppstart av nytt skuleår, hadde vi også dette året overnattingstur. 9.klassingane sykla til Orreneset der dei møtte 8.klassingane som har kome med buss. Det er fjelltur, padling, fotball og kveldssamling. Ein fin måte å starte året på, ikkje minst med tanke på dei nye 8.klassingane. Årets skuletur for 10.klassingane gjekk til Krakow der elevane m.a besøkte Auswitch. Ein flott tur med mange sterke inntrykk. Fellesopplevingar i nærområdet opplever vi som ein viktig del av læringsarbeidet vårt. Dette året har både by og fjell vore «klasserom». Elles har vi tiltak som elevkveld og julebord som og er viktige for læringsmiljøet. Den viktigaste jobben for å få til eit godt læringsmiljø er likevel den jobben som vert gjort dagleg - i klasserommet.

Skulen skal i to år framover delta i den nasjonale satsinga Vurdering for læring. Det overordna målet for satsinga er at skule og skuleeigar skal vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. Eit spennande utviklingsarbeid som vi opplever vi er igang med. Vi har som mål at det skal vise igjen i endra klasseromspraksis. Vi er og med i eit nettverk av andre skular i regionen som arbeider med same utviklingsområde. Dette er både nyttig og inspirerande.

Vi som er leiarar for Møreskulane og Molde Friskule møtast og jamlegt. Frå hausten 2015 vart Arve Fiskarstrand tilsett som rettleiar for skulane i nettverket. Dette er ein viktig og nødvendig møteplass for oss som er leiarar. I oktober samla vi alle tilsette frå skulane ein ettermiddag. Vi ser mange mulegheiter for samarbeid vidare. Ein styrke å vere fleire som kan samarbeide om same målsettinga.

## Misjonsprosjekt

Vi har fleire målsettingar med misjonsprosjektet vårt: Gi elevane innsikt i ein misjonsorganisasjon, fokusere på misjonskall og -teneste, vekke til ansvar for misjon og diakoni og samle inn pengar til eit prosjekt for den organisasjonen som vi samarbeider med. Dette året har vi blitt betre kjend med "Return2Sender", som er Israelsmisjonen sitt ungdomsarbeid. I tillegg til å lære mest mogeleg om arbeidet som "Return2 Sender" driv, skal vi og samle inn pengar til eit prosjekt. Prosjektet i år er «Bridgebuilders». Dette er eit trusbasert freds og forsoningsprosjekt for unge palestinere, israellere, og nordmenn. Motivasjonen for prosjektet er å engasjere unge menneske i Midtausten til å bidra i freds og forsoningsprosessar. Under prosjektet hadde vi besøk av Håvard Maurstad som gav oss ei lærerik, grundig og balansert innføring i situasjonen i området. Prosjektet fenga elevane og vart svært vellukka. Totalt kom det inn 59 820 kroner som vart overført til "Bridgebuilders".

## Møre Ungdomsskule og «vegen vidare»

I september 2013 oppnemnde styret ei strateginemnd som skulle utgreie «Møre Ungdomsskulevegen vidare». Nemnda kom m.a med forslag om utviding av skulen med barnetrinn og to parallellar på ungdomstrinnet. Styret for Møre Ungdomsskule gjorde vedtak hausten 2014 om å slutte seg til strategiutvalet sitt forslag og streka under at før dei prioriterte tiltaka vert sette i verk må nødvendige pedagogiske og økonomiske planar ligg føre og vere godkjent av styret. Ein plan-og byggekommite er kome igang med det arbeidet og våren 2015 vart det søkt Utdanningsdirektoratet om å få utvide med barnetrinn.



## Økonomi

Inntektene til skulen består av statstilskot, elevbetaling og tilskot frå kommuner til å dekke spesialundervisning. Dette skuleåret har vi igjen fått kapitaltilskot som kan gå til investeringar. Førebels er summen mest ein symbolsk sum, kr. 64 000. Elevbetalinga er 9 500,- pr. år. Dersom søsken er elevar samtidig, betalar den eine full pris, elevbetalinga for den/dei andre blir halvert. Eit positivt driftsresultatet for 2015 vert overført til eit investeringsfond og brukt til nedbetaling av lån. Vi har og fått gaver frå privatpersonar, noko vi er svært takksame for! Dette kjem godt med når planar om utviding av skulen gir oss store økonomiske utfordringar i mange år framover. Vi treng at de som misjonsfolk er med å be om at vi som skule og skuleeigar må få visdom og mot til å satse klokt og framtidsretta.

## Møre Ungdomsskule – der himmel og jord møtast

Kvar morgon får vi som er tilsette på Møre starte arbeidsdagen i fellesskap med å be om Guds velsigning over dagen, elevane våre og kvarandre. Det er eit privilegium! Det er og eit privilegium at vi kan fortelje om Jesus som ein levande realitet. Vi ønsker at elevane våre skal lære at Bibelen talar sant om livet;- også i vår tid. Gjennom dei daglege andaktene vert dei utfordra til eit levande kristenliv.

Vi ønsker å vere ein skule der vi kan hjelpe ungdomane til å sjå kva dei er gode på og at dei er verdifulle slik dei er. At dei vert sett og løfta av vaksne som har tru på dei. Dette er ei stor og utfordrande oppgåve. Men Gud overlet ikkje dette oppdraget til oss åleine, Han er der saman med oss! « *Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.*» (Fil. 1,6)

Ver med og be om at Gud må bruke det vi gjer og får vere for elevane våre i skulekvardagen!

For Møre Ungdomsskule

Helge Dimmen  
Styreformann

Signe Reidun Urtegard  
rektor



# Møre Barne- og Ungdomsskule

Møre barne- og ungdomsskule er ein kristen grunnskule på Søre Sunnmøre, no inne i sitt ellevte driftsår. Skulen er ei sjølvstendig stifting, med styret i Sunnmøre Indremisjon som stiftinga sitt råd. Det er ein kvalitetsskule som gjev born og ungdom den beste fagkunnskap dei kan få, og gje dei all den hjelp dei kan få for livet. I tillegg er det ein kristen grunnskule som utgjer ein alternativ til offentleg skule, der vi står fritt til å formidle evangeliet om Jesus! **Dette utgjer ein flott kombinasjon av skuledrift og misjonsarbeid!**



## A) Visjon om kvalitet

Skulen er grunna på det kristne trus- og verdigrunnlaget og vil i alt sitt virke søkje å gje elevane det beste dei kan få for både livet og det evige livet.

# K4

Skulen sin visjon er knytt til orda **kvalitet, kunnskap, kjennskap** og **karakter**, og lyder slik: "Møre barne- og ungdomsskule legg vekt på kvalitet gjennom god kunnskapsformidling, nær kjennskap til den kristne trua som skulen er grunna på, og å utvikle ein sterk og trygg personleg karakter hjå elevane."

## B) Elevar

Elevtalet var ved utgangen av 2015 på 102 elevar. Elevane er fordelt på kommunane Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ålesund. Elevane var fordelt slik på årstrinn:

1.-2.kl:	9 elevar	8.kl:	13 elevar
3.-4.kl:	14 elevar	9.kl:	17 elevar
5.-6.kl:	17 elevar	10.kl:	23 elevar
7.kl:	9 elevar		

Skulen har normalt søkjarar på fleire ulike årstrinn, med hovudvekt på 1.trinn og 8.trinn. Skulen vil oppmode misjonsfolket til å tale vel om skulen, og hjelpe foreldre i å gripe sjansen til å få ei trygg og god kristen støtte i oppdraginga og opplæringa av sine born og ungdommar. Skulen skal først og fremt vere eit kristent skulealternativ! Skulen fekk laga brosjyra "Ein skule for alle" i 2013, og vil tru at denne kan vere med å formidle kva skulen står for.



## C) Styret

Styret for skulen er både tverrkyrkjeleg og geografisk spreitt samansett. Dette for å kunne gje skulen eit større nedslagsfelt og synleggjere for kristenfolket på Søre Sunnmøre at dette er eit arbeid vi som kristne får stå saman om. Styret for skulen hadde ved utgangen av 2015 denne samansetjinga:

### Medlemmar:

Odd Asbjørn Nybø, *Ørskog*, formann  
Solgunn Almedal, *Ulstein*, nestformann  
Svein Frøystad, *Herøy*  
Rasmus Tunheim, *Ørsta*  
Linn Therese Sævik, *Herøy*  
Ester Paulsen, *Herøy*, representant for elevråd  
Cecilie Myklebust Bakken, *Herøy*, representant for FAU  
Tor Gunnar Eriksen, *Herøy*, representant for kommune  
Gro Langstøyl Ulstein, *Ørsta*, representant for tilsette  
Knut Einar Tokheim, *Ulstein*, rektor og sekretær

### Vara:

Anita Høvik, *Ulstein*  
Anton Torvik, *Herøy*  
Solfrid Ulstein Riise, *Volda*

Styret har hatt 4 styremøte og handsama 43 saker. Liv Kruse



Glimt frå fjelltur og skidag

Sævik og Thomas Skeide gjekk ut av styret. Takk for innsats og arbeid som er lagt ned for skulen!

## D) Tilsette

### Undervisning:

Mona Kleven Blindheim, lærar  
 Hildegunn Drabløs, lærar  
 Rut Sirnes, lærar  
 Tomas Frøysa, assistent  
 Heather Kleppestrand, lærar  
 Julianne Stavik Knardal, lærar, permisjon våren 2015  
 Karoline Husøy Kopperstad, lærar  
 Karianne Kvalsvik, lærar, permisjon  
 Jon Kristian Moe, lærar  
 Tone Nerland, lærar  
 Kristine Røren, lærar  
 Maria T B Tillan, lærar  
 Rolf Magne Tømte, assistent  
 Ståle Tønnesen, lærar  
 Gro Langstøl Ulstein, lærar  
 Asbjørn Vatne, lærar  
 Synnøve Voldsund, lærar  
 Frode Weider, lærar  
 Mariya With, assistent  
 Andreas Kråkenes, lærling frå hausten 2015  
 Malene Frøystadvåg Remøy, assistent frå hausten 2015  
 Olivia S Lande, lærar frå hausten 2015  
 Andreas Vatne, assistent  
 Ingrid Madli Sæter, lærar frå hausten 2015

### Administrasjon:

Arve Fiskerstrand, utviklingsmedarbeidar vår, permisjon haust  
 Knut Einar Tokheim, rektor  
 Kari Røsvik Sundgot, inspektør barnetrinn  
 Runar Langnes, inspektør ungdomstrinn  
 Liz-Miriam Saanum Haddal, kontormedarbeidar

### Bygg:

Oddbjørn Ringstad, vaktmeister

Arve Fiskerstrand har permisjon frå rektorstillinga skuleåret 2014/2015 og 2015/2016, men kjem tilbake som rektor frå hausten 2016. Knut Einar Tokheim har vikariert som rektor i same periode. Styret vil takke kvar ein skild for arbeidet som er utført, til glede for menneske og til ære for Gud!



Personalet Hausten 2014

## E) Pedagogisk utviklingsarbeid

Skulen har i år delteke i den nasjonale satsinga «ungdomstrinn i utvikling». Satsinga gjeld heile skulen, og tek sikte på å gjere undervisning og klasseleiing meir motiverande og variert. I haust har fokuset vore på klasseleiing, og ut over våren vil vi setje ekstra trykk på lesing. Dette opplever skulen har hatt stor verdi, og både lærarar og skuleleiing har utvikla seg vidare.

Skulen har leksehjelp og aktivitetstilbod etter skuletid for elevane på barnetrinnet, og driv SFO-ordning for dei minste med opningstid mellom 07.30 og 16.30. Det vil også for neste år verte vurdert å gje eit mindre tilbod av sommar-SFO.

## F) Misjonsprosjekt

Skulen har dette året gjennomført misjonsprosjekt til støtte for Vybørghjelpa, eit prosjekt skulen støtta også i 2007, 2008 og 2009. Misjonsprosjektet er viktig for skulen, for å synleggjere den diakonale sida ved den kristne tru og lære, og gjennom Vybørghjelpa fekk vi også dette året eit nært kjennskap til kva det i praksis ville seie å få vere til hjelp for born og unge i eit anna land. Etter prosjektveka vart kr 86 753,- gjeve til prosjektet. Ei stor takk til elevar, lærarar og andre deltakande for engasjement og innsatsvilje!

*Glimt frå misjonsløp til inntekt for LEA*

## G) Økonomi

Skulen er i gang med bygging av ny personalavdeling, og denne skal stå ferdig våren 2016 og dette gjer at skulen i åra framover framleis vil ha ei betydeleg økonomisk utfordring.

Skulen vil frimodig utfordre til bidrag til dette viktige misjonsarbeidet! Ta kontakt med skulen på tlf 70 08 05 50 eller gje ei gåve direkte til 3000.18.45655.

## H) Takk

Ei varm takk til kvar og ein av dykk som tek med skulen i bønene dykkar. Skulen vil gjerne vere ditt bønnebarn!

*"Så kjem då trua av forkyninga som ein høyrer, og forkyninga som ein høyrer, kjem ved Kristi ord."*

Rom 10,17

Indremisjonen sit motto er "Med Guds Ord til folket", og bibelen sjølv gjev oss forklaringa på kva dette vil medføre; Kristi ord som vert høyrd gjennom forkyninga skaper trua i hjartet! Då gjeld det i vår tid å finne opningane der ein får nå folket med forkyninga av Guds Ord! Korleis kan vi i vår tid nå born og ungdom som ikkje går på søndagsskule, leirar, kristne møter og ungdomsarrangement? Den kristne skulen står i ei særstilling i dette arbeidet, for å gje både grundig kunnskap om og nær kjennskap til den kristne trua og Han vi trur på. Dersom dei skal kunne ta imot, må dei først få høyre! Det å dagleg, år etter år, få dele Guds Ord med barn og ungdom kan ikkje målast med menneskelege tankar. Vi må takke Herren for at denne døra enno står open for oss, og sjå til å nytte tida godt!

Med ord for dagen kvar dag kan djupe sanningar formidlast til barn og unge. Til undring, samtale og for nokon til omvending og tru! Det er altså framleis i vårt land ei stor open dør til å kunne få formidle evangeliet i all si breidde og djupne til barn og unge. Den kristne skulen står i ei særstilling i dette arbeidet, for å gje både grundig kunnskap om og nær kjennskap til den kristne trua og Han vi trur på.

Skulen finn ein på serviceområdet i Myrvåg nær Dragsund, og på nettsida [www.møreskule.no](http://www.møreskule.no).

Odd Asbjørn Nybø  
- styreformann -

Knut Einar Tokheim  
- rektor -

\* Meldinga som vert sendt til Sunnmøre Indremisjon er eit utvida utdrag av den offisielle årsmeldinga til stiftinga.

# Møre barne- og ungdomsskule

## Ny Møre-skule

Møre barne- og ungdomsskule Skodje er den tredje grunn-skulen knytt til Sunnmøre Indremisjon. Skulen starta opp med skuledrift i august 2015, og er kome i gang i leigde lokaler i Brusdalen i Skodje kommune. Skulen er organisert som eit aksjeselskap med skulestyre og det til ei kvar tid sitjande styret i Sunnmøre Indremisjon til saman utgjør aksjeselskapet si generalforsamling. Som dei to andre Møre-skulane på Sunnmøre så arbeider vi for ein kvalitetsskule reint fagleg og pedagogisk – i tillegg til å vere eit alternativ til den offentlege skulen. Eit alternativ med tydeleg kristen forankring, der vi står fritt til å formidle evangeliet om Jesus. Dette utgjør eit godt høve for skulen, og for Sunnmøre Indremisjon for øvrig, å konkret og praktisk ta samfunnsansvar på Sunnmøre. Dette gjer vi ved å tilby skuleforeldre hjelp med utdanning og utrustning av sine born til å kunne verte framtidens trygge og sjølvstendige vaksne.

## Elevar

Ved utgangen av 2015 hadde skulen 40 elevar:

1.kl: 2 elevar	5.kl: 4 elevar	8.kl: 11 elevar
2.kl: 5 elevar	6.kl: 4 elevar	9.kl: 0 elevar
3.kl: 6 elevar	7.kl: 6 elevar	10.kl: 0 elevar
4.kl: 2 elevar		

Elevane fordelte seg slik på heimkommunar:

Skodje: 27 elevar
Haram: 9 elevar
Sjøholt: 3 elevar
Ålesund: 1 elev

Søkartal for komande skuleår er gode, og skulen kan truleg vente seg ei vekst på mellom 20-30 nye elevar hausten 2016. Skulen har søkarar på fleire ulike trinn, med hovudvekt på 1. og 8. trinn.

## Styret

Skulestyret består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Det er i tillegg eit varamedlem. Styret har hatt 7 styremøter og handsama 64 saker. Ved utgangen av 2015 var styret samansatt slik:

Odd Asbjørn	Nybø leiar
Ole Bjørn Vik	nestleiar
Arnvid Brandal	styremedlem
Rune Sæter	styremedlem
Hege Dalhaug	styremedlem
Sigurd Nybø	foreldreprerentant
Mattias Magerholm	foreldreprerentant
Ingrid Eide-Opkar	representant for pedagogisk personale
Olgunn Oksavik	representant for øvrige tilsette
Ingrid Kvam Steinshamn	rektor og sekretær for styret

Vara:

Kjetil Clemetsen	1. vara
------------------	---------

## Tilsette

Ved utgangen av 2015 var det 17 tilsette fordelt på i overkant av 10 årsverk:

Austnes, Per Magnus	assistent
Eide-Opkar, Ingrid	adjunkt
Engås, Lise-Kari Tennfjord	adjunkt
Fredly, Ingrid	adjunkt
Hånes, Rebeca	lærer
Kleiveland, Mirjam	assistent/lærling
Magerholm, Kristine Vik	adjunkt m/tillegg
Midtli, Marit	adjunkt m/tillegg
Nilsen, Anne-Randi Håheim	adjunkt m/tillegg
Nøstrud, Martin	IT-ansvarleg, vaktmeister, lærar
Oksavik, Olgunn	assistent, kontorsekretær, SFO-leiar
Paulsen, Ingunn	lærer
Sandli, Elisabeth Maltland	lærer u/godkjend utdanning
Starheimsæter, Karoline	assistent
Steinshamn, Ingrid Kvam	rektor
Sæter, Dag Øyvind	lærer
Woldsund, Kristin Barmala	adjunkt

## Læring og skulekvardag

På Møre barne- og ungdomsskule Skodje gjev vi opplæringa i dei ulike faga etter Kunnskapsløftet frå 2006. I kristendomsfaget gjev vi opplæring etter eiga godkjend læreplan. Hausten 2015 har vi tilbydd to valfag for 8.trinnselevane våre. Dette har vore "Natur, miljø og friluftsliv" og "Produksjon av varer og tenester", der elevane no drifta si eiga elevkantine ein dag i veka.

Sidan det var første hausten vår med skuledrift har vi hatt ein del arrangement som har vore prega av dette. "Bli kjent-tur" for heile sjulen, der 1.-5.trinn drog på overnatting på Brusdalsheimen, og 6.-8.trinn drog til Orreneset. Det var to flotte dagar på kvar sine flotte leirstadar, og elevane snakkar framleis om at dei gjerne vil tilbake.

Det var arrangert Opningsfest for den nye skulen 1. oktober, der dei andre Møre-skulane, foreldre, elevar, Sunnmøre Indremisjon, kommune og andre aktuelle gjestar vart invitert. Elevane stod for leiing og innslag, og vi fekk mange flotte helsingar og gode ønske frå skulevener.

Ellers nyter vi området i Brusdalen med fast utedag ein dag i veka for 1.-3.trinn, fjellurar, gapahuk og ikkje minst gymsalen som ligg i skuleanlegget vårt. Vi er takksame for høve til å starte opp i Brusdalen, og er samstundes spente på kor det permanente skulehuset skal lokaliserast.

## Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad. Dette er elevtilskot knytt til elevtalet. I tillegg betalar føresette kr. 3000,- pr. skuleår for elevar på barnetrinnet, og 8000,- pr. skuleår for elevar på ungdomstrinnet. Utgifter knytt til spesialundervisning og undervisning av framandspræklege elevar vert dekte av heimkommunane til dei elevane det gjeld.

Årsrekneskapen for 2015 er sett opp med tanke på vidare drift. Styret stadfester med dette at føresetnaden for vidare drift er til stades. Driftresultatet for 2015 vart totalt på kr. 73 296,-, fordelt på skule kr – 179 337,- og SFO kr. 252 633,-



# Skodje Årsmelding 2015

Skulen vil særleg takke alle som har gitt skulen ei ekstra støt-tegåve dette oppstartsåret. Det har vore avgjerande for oss! Vi vil frimodig utfordre fleire til å bidra til dette viktige misjons-arbeidet. Ta kontakt med skulen på tlf.: 71 70 70 51 eller gje gåve direkte til gåvekonto: **8220.02.80632**.


Merk med ”Gåve til Møre barne- og ungdomsskule Skodje”, så vil du kunne få skattefrådrag for dette.

## Fremtidig utvikling

Skulen har opplevd gode elevtal i oppstartsåret. Og det er allereie gode søkartal for komande skuleår. Det vil vere eit naturleg satsingsområde å få fleire inn på søkjarlista for åra framover. Det er kome inn søknadar fram til skuleåret 2024. Arbeidet med å finne den permanente plasseringa og skulehus er godt i gang, og skulen vil i løpet av kalenderåret 2016 kome med forslag til plassering av permanent skulehus.

I tillegg er vi no heilt i startfasen av å bygge opp endå ein Møre-skule på Sunnmøre. Ein skule som skal få ha fokus på liv og læring med *ein himmel over* skulevardagen, både for elevvar og dei tilsette. Dette verdset vi som arbeidar ved skulen høgt, og vi er fullt klar over at dette ikkje er sjølv sagt. Vi ber om mykje forbøn og støtte i dagane som kjem. Vi trur, og ser konkret, at skulen kan gjere godt i medmenneske sine liv – og vi ønsker å få fortsette med det.

For Møre barne- og ungdomsskule Skodje  
Ingrid Kvam Steinshamn    Odd Asbjørn Nybø  
Rektor                            Styreformann



# Radio Sunnmøre Årsmelding

Radio Sentrum har vore på lufta i 30 år i 2015, med 3 796 timar årleg dei siste åra. 1. mai 2015 endra Radio Sentrum namn til Radio Sunnmøre. Radio Sunnmøre har lyttarar i 16 av 17 kommunar på Sunnmøre på FM, i tillegg til lyttarar utover Sunnmøre via internetradio og Tuneln.

## Stab

Oddveig Molnes gjekk av som dagleg leiar 31.01.15, var tilgjengeleg ut februar for opplæring. Ragnhild Kristine Vartdal Espelund tok over som dagleg leiar 01.02.15. Victor Haram er programprodusent med teknisk ansvar.

## Programarbeid

73 timar i veka sender Radio Sunnmøre program med intervju, andakter og musikk som skal engasjere, vere trusstyrkande og evangeliserande. I 2015 starta vi samarbeid med ulike organisasjonar om produksjon og sending av deira program, som Familie & Medier, Åpne Dører, Ordet & Israel og i tillegg eit fast intervju med Dagen sin Israelskorrespondent. Nye spaltar og seriar har blitt arbeidd med og sendt. I tillegg vart det 1. mai opna ny nettside der intervju og program vert lagt ut kvar dag. Radio Sunnmøre er også aktive på sosiale medier som facebook.

## Utvida sendeområde

Mot slutten av året fekk FM101-samarbeidet utvida konsesjon på FM, i Stranda, Liadal, Norddal, Stordal, Valldal og Geiranger. Dei frivillige i teknisk komité kom raskt på bane og fekk rigga opp og plassert utstyr og sendarar, og programmar sendingane vi allereie inn i vårt nye konsesjonsområde. Fire av sju sendarar var oppe innan årets slutt.

## Radioturar

arrangert eit stort Sang- og musikktreff på Ørsta bedehus. Haustturen til Israel vart avlyst på grunn av lite påmelding. I tillegg har det vore ein del ekstra radiomøter i anledning jubileumsår for radioen.

## Inntektskjelder

**Radio-Giv 2015:** To dagar med 17 direktesendte timar: Målet på kr. 300 000,- vart nådd.

**Lyttarbrev:** Vart sendt ut tre gongar med ulikt fokus og gav mindre resultat enn tidlegare.

**Radiomessa 2015:** Samla nok ein gong fullt hus på Ålesund bedehus. Resultat: Kr. 108 000,-.

**Fast giverteneste:** Gir forutsigbar inntekt. 17 nye faste givarar på hausten.

**Foreningsgåvene/private gaver:** Har gått ned dette året i forhold til tidlegare.

## Styret, økonominemda og ansvarleg redaktør

Styret: Are Bakke, formann (1.halvår), Helge Blindheim, Merethe E. Valderhaug, Anne Grete Djupvik, Jon Hildre, Gro Hofseide og Gudrun Longva (formann 2. halvår). Olav Synnes for SI. Are Bakke gjekk ut til sommaren. Styret har hatt 8 møter og behandla 61 saker. Økonominemda: Torstein Walderhaug, Reidar Fiske, Eli Remme og Gunnar Gidske. I desember vart Are Bakke og Oddveig Molnes med i nemnda. Dagleg leiar har møtt på alle møta. Ansvarleg redaktør: Johan Halsne.

## Takk

Takk til trufaste støttespelarar som har brukt fritid i frivillig arbeid for Radio Sunnmøre. Takk til Arne Johan Helle, Jon Hildre og Bjørn Tomren med stort teknisk ansvar, og opprustning i nytt konsesjonsområde.

Takk til styret, økonominemda, messekomité, teknikarar, laurdagsredaksjonar og andre.

Takk for forbønn og støtte for oss som har vår teneste i ein radio med 73 sendetimar på veke.

*Ragnhild Kristine Vartdal Espelund  
dagleg leiar*



Radio Sunnmøre har i dag to heile stillingar, som sender 73 timar i veka over heile Sunnmøre.

# 2015 Begr.byrået Sunnmøre AS

**Begravelsesbyrået Sunnmøre AS har i år 2015 hatt sitt 43. drifts år, og firmaet har følgende avdelingar:**

